

Os & Fusaposten

NR. 42 - 35. ÅRG. FREDAG 4. juni 2021

LAUSSAL KR 30

www.osogfusa.no



Viser stolt fram nye Borgafjell barneskule

NYHENDE / SIDE 12 og 13

Har kontroll på smitten på Lurane

Kommunen har kontroll på smitten på Lurane, men har fått éi stor utfordring som kan føra til ei endring i prioriteringa av restdosar.

NYHENDE / SIDE 4



Bebuarar på Lurane fekk gratis rundtur i Os

NYHENDE / SIDE 18 og 19



Får 477.000 til middagstreff for einsame

NYHENDE / SIDE 19

Kvinnene som aldri sluttar å stå på for andre, heidra seg sjølve



SANITETSKVINNER: Bortimot 60 sanitetskvinner frå Bjørnafjorden kommune heidra seg sjølve i samband med Kløverstafetten måndag kveld. Foto: Kenneth Svenningsen

I 125 år har sanitetskvinnene i Noreg stått på for å betra helse- og levevilkåra i landet. Måndag kveld

nådde «Kløverstafetten» Bjørnafjorden kommune.

NYHENDE / SIDE 10 og 11



NYHENDE

Send inn tips til:
post@osogfusa.no
eller ring 56 30 29 50

Politiet ferska fire personar som røykte hasj – den yngste av dei er berre 14 år

Hendinga fann stad måndag kveld ved Os ungdomsskule.

Politiet kontrollerte i 20.30-tida fire ungdomar ved Os ungdomsskule. Alle dei fire skal ha røykt hasj – ein ung vaksen og tre ungdomar, der den yngste av dei berre er 14 år gammal. Det skal ha vore tre gutar og ei jente.

— Det blei oppretta sak på kvar av dei unge. Gutane blei dimitterte på staden etter at foreldra til dei mindreårige blei varsla. Jenta på 14 år blei køyrd heim, opplyser politioverbetjent ved Bjørnafjorden politistasjon, Anne Lyssand.

BSO

Tatt i 67 km/t i 50-sonen

Politiet stoppa ein ungdom onsdag kveld.

Politiet i Os har to hendingar å melde om siste døgnet.

— Like før kl 22 blei ein ungdom på MC, fødd i 2002, målt med gjennomsnittsmåling til 67 km/t i skilta 50-sone, opplyser politioverbetjent Anne Lyssand.

Han vedtok eit førelegg på kr 5.850 og fekk 3 prikkar.

Kl 21 blei ein bil avskilta då han ikkje var framstilt for EU-kontroll. Politiet følgde forar heim før skilta blei tatt.

JH

Vart stoppa av politiet og måtte lasta om

Meldar reagerte på bil med hengar.

Politiet fekk tysdag ettermiddag melding frå ein bilist som låg bak ein personbil med hengar, kor lasten ikkje var etter lova. Bilen blei stansa ved Uno X.

— Førar fikk bruksforbod for vidare køyring med hengar slik han var lasta. Førar blei beden om å lasta om, slik at han var innanfor lova før han køyrde vidare, fortel politioverbetjent Anne Lyssand.

Politiet fekk tysdag ettermiddag også inn ein klage på støy i Os sentrum. Fire «MC'ar» blei sjekka av politiet på grunn av høg lyd, og to av forarane blei gitt kontrollseddel for framvising til Statens vegvesen.

Ein mannleg bilist i 20-åra blei tysdag kveld målt til 70 km/t i 50-sonen på Lepsøyvegen. Han vedtok eit førelegg på kr 5.850 og fekk seks prikkar.

JH



ØNSKTE VELKOMEN: Ordfører Trine Lindborg og innehavar av Nuenhuset, Kristian Notland Harnes, kunne ønskja ministeren velkommen i strålende solskin. Foto: Torgeir Holme

Fekk minister på besøk på fyrste Tirsdagspraten:

– Har eit mål om vera best i verda på miljørekneskap

Os & Fusaposten

ØYRO 31, BOKS 273, 5203 OS, TLF 56 30 29 50
E-post: post@osogfusa.no Føretaksnummer: 9434 30861
Sats: Os og Fusaposten AS. Trykk: Mediehuset Sunnhordland AS

Partipolitisk ubunde lokalblad for Os og Fusa. Kjem ut tysdag og fredag. Godkjent opplag 2018: 4691.

ANSV. REDAKTØR: **JUSTEIN HALLAND** tlf. 922 46 313.
DAGLEG LEIAR: **REIDAR HYSTAD**
JOURNALIST: **BENJAMIN SØGNET OLSEN** tlf. 951 82 381.

JOURNALIST: **ANNE MARIE AARØEN VANGSNES** tlf. 905 98 739.
JOURNALIST: **CAMILLA KVAMME** tlf. 924 90 654.
JOURNALIST: **KENNETH SVENNINGSSEN** tlf. 412 51 142.



MASTER: Nikolina Søgner fortalte om masteroppgåva «Barking up the right tree», som er levert ved Bergen Arkitekt-høgskole i samarbeid med Ida Wressel. Foto: Torgeir Holme

HANDFAST: Helge Kårstad frå kystskogbruket hadde med seg eit handfast eksempel i form av ei tønne frå Tønnegarden på Samnøy. Foto: Torgeir Holme



DELTOK: Skogbrukssjef i Bjørnafjorden, Simon Wolff, deltok i paneldebatten. Foto: Torgeir Holme

GÅVE: Ljåen ministeren fekk i gåve, er laga av Anders Midtbøe frå Voss og bladet av smed Sven Nesdal i Hornindal. Foto: Torgeir Holme

Skogen var temaet då Nuenhuset inviterte til Tirsdagspraten i Nuen sine butikklokale i Holtbrekka 7.

Torgeir Holme

Mellom gjestene kom ein strålende blid klima- og miljøvernminister, Sveinung Rotevatn (V), - stikk i strid med eige partiprogram - i ein litt tilårskomen fos-silbil frå Avis.

Der vart han teken i mot av ordførar Trine Lindborg og innehavar av Nuen-huset, Kristian Notland Harnes.

Arrangementet starta med noko så utradisjonelt som ein solo-opptreden på saksofon som jazzza opp stemninga, framført av ingen ringare enn Erik Aldner, mellom anna kjend fra Pony the Pi-rate, Synkoke og Supermale.

Medgründer i Nuenhuset, Lene Notland Harnes, ønskte velkomen og for-

talde kort om ettermiddagens program.

“Barking up the right tree”

Først ut var arkitekt Nikolina Søgner. Ho fortalte om masteroppgåva “Barking up the right tree”, som er levert ved Bergen Arkitekt-høgskole i samarbeid med Ida Wressel.

Wressel og Søgner har intervjuar lokale sagbruk og høvleri samt andre represen-tantar for treindustrien på Vestlandet. Dei har avdekkar ei rekkje utfordringar, mellom anna knytt til felles forståing og kunnskapsoverføring, samt om prosjek-tet Kløve treakademi på Voss.

– Skal satsast på skog

Deretter vart minister Rotevatn tildelt taletid der han fortalte om korleis ein kan leverar gode løysingar med binding av CO2, og korleis ein må jobba med å redusera utslepp og berekraftig miljøpo-litikk fram mot år 2030 då Noreg etter planen skal vera klimanøytralt.

Han presiserte at skogbruk og trevirke skal satsast på - med god klimapolitikk i botn.

Deretter entra debattantane Nikolina Søgner, skogbrukssjef i Bjørnafjorden,

Simon Wolff, og Sveinung Rotevatn po-diet og fant seg godt til rette i stolane frå Nuen. Kristian Harnes, trygg i rolla, tok ordet som leiar i debatten.

– Nuenhuset som møbelprodusent har eit mål om å vera best i verda på mil-jøreknenskap, sa han med klar adresse til minister Rotevatn.

– Per i dag er det ikkje slik at ein blir premiart for dette, men det er heldigvis positive signal frå politisk hald, så vi hå-per dette i framtida kan bli ein realitet.

Frå Tønnefabrikken

Ein av dei ivrigaste, Helge Kårstad frå kystskogbruket, hadde med seg eit handfast eksempel i form av ei tønne frå Tønnegarden på Samnøy samt ein klas-sisk ljå, laga av den noko utskjelte sitka-grana.

Kårstad argumenterte friskt for ein “Trebank” på Vestlandet tilsvarande den dei har austpå, og viste mellom an-na til korleis tønnefabrikken har utfor-dringar med å skaffa nok virke til tøn-nene sine.

Mykje virke vert i dag eksport til Sve-rige der dei lagar tønner til produksjon av rogn. Harnes stadfesta at også dei må

henta eik austpå til fleire av møblane sine.

Den flotte handlaga ljåen gav Kårstad i gåve til Rotevatn, dog utan blad, då Rotevatn hinta om at det “kunne bli litt vrient på flyet heim”, til stor latter frå publikum.

Ljåen er laga av Anders Midtbøe frå Voss og bladet av smed Sven Nesdal i Hornindal.

Vil ha fleire samlingar

Dirk Kohlmann, Fagdirektør hos fylkes-mannen i Vestland, fekk æra av å runda av debatten - godt på overtid. Desse karane kunne nok ha site og diskutert skogbruk til seine natta.

– Kva seier du, Kristian, er du nøgd med opplegget i dag og er det noko de kjem til å gjenta?

– Javisst, så lenge det kan relaterast til møbelproduksjon, skal eg invitera til alt, eg, om det så er trevirke, saueull eller samarbeid om produksjon.

– Kanskje ikkje kvar tysdag, då, men ein gong innimellom, smiler han.

Har kontroll på smitten på Lurane, men har fått éi stor utfordring

Kan føra til endring i prioriteringa av restdosar.

► **Jostein Halland**

jostein.halland@osogfusa.no

Totalt har fem personar fått påvist covid-19 på Luranetunet etter at ein tilsett testa positivt 27. mai.

Kommuneoverlege Klaus Melf seier ein var heldige ved at nesten alle sjukeheimsbebuarar og ein god del av dei tilsette på Lurane var vaksinerte.

– Det har berga oss frå eit massivt utbrot. Fullvaksineringa gjev ein veldig god beskyttelse av 90 prosent av befolkninga, og viruset smittar dermed berre nokre få av alle dei som har vore smitteutsette, og som hadde vore smitta uten vaksine, forklarar Melf.

Han seier dei har kontroll på situasjon på Luranetunet no, men personellmessig er situasjonen svært krevjande sidan mange tilsette er i karantene.

– Vi kjem nok til å prioritera uvaksinerte sjukeheimstilsette ved vaksinerestdosar framover, konstaterer Melf.

Han understrekar at også dei som allerede er vaksinerte, må halda fram med gode smitteverntiltak.

– Å halda avstand, vaska hender og halda seg heime ved symptom, gjeld også vidare. Spesielt i møte med uvaksinerte er dette viktig, seier Melf.

Faren for at vaksinerte personar smittar vidare, er veldig låg, men er ikkje heilt borte.

Kommuneoverlegen fortel at dei vaksinerte som har fått symptom, berre har blitt lettare sjuke.

– Det ser ut til at vaksinen gjer det som var lova, nemleg beskyttar veldig godt mot alvorlege sjukdomsforløp.



LETTARE SJUKE: Kommuneoverlegen fortel at dei vaksinerte som har fått symptom, berre har blitt lettare sjuke. Foto: Torgeir Holme

– Frå neste veke ser vi dessverre effekten av omfordelinga av vaksinar

Kommunen reknar med å bruka heile juni på prioriteringsgruppe 8.

► **Jostein Halland**

jostein.halland@osogfusa.no

Bjørnafjorden kommunen er framleis på smitterisikonivå 2, og det har vore 17 smittetilfelle dei siste to vekene. Dermed ligg smittetalet på omtrent 68 per 100.000 innbyggjarar.

– Det er framleis for høgt. Samtidig har vi hatt fleire tilfelle med ukjent smitteveg. Det gjer det heile meir usikkert. Vi veit ikkje kva veg det går, seier kommuneoverlege Klaus Melf.

Han opplyser at dei nesten er ferdige med å vaksinera vaksne personar med sjukdomar eller tilstandar som gjev moderat risiko for alvorleg covid-19-forløp.

Turen har no kome til friske personar mellom 55 og 64 år, i prioriteringsgruppe 8.



NIVÅ 2: Bjørnafjorden kommunen er framleis på smitterisikonivå 2, og det har vore 17 smittetilfelle dei siste to vekene. Foto: Victoria Tverli Dale

– Igjen jobbar vi oss nedover etter alderen. Det er dei som er fødte 1958 eller før, som no kan rekna med dose 1, fortel Melf.

Han legg til at dei frå neste veke «dessverre ser effekten av den geografiske omfordelinga».

– Vi vil berre motta om lag 400 dosar som dose 1, i staden for 650. Dermed forskyv vaksinasjonsplanen seg litt. Eg reknar med at vi treng heile juni for prioriteringsgruppe 8.

Til saman får Bjørnafjorden kommune 1.122 vaksinedosar i neste veke. 700 av vaksinedosane vil bli brukte som dose 2 for risikogrupper og helsepersonell.

I tillegg vil altså vel 400 friske personar over 55 år (prioriteringsgruppe 8) få tilbod om første vaksinedose.

Vidare vil det vera 12 vekers intervall mellom dose 1 og 2. Det vil seia at dei som blir kalla inn til første dose 9. juni, vil få tilbod om andre dose 1. september.



SOMMER TIL MINIPRIS!

Mat for folk i farta!



VEGETARBURGER
2x80 g, sopp, hvitløk & persille,
Dagens burger, Folkets, pr. kg 243,75



BEEF BURGER
4x150 g Folkets, pr. kg 131,67



LAKSEFILET U/SKINN OG BEIN
4x125 g Lerøy, pr. kg 142,40



ASPARGES GRØNN
250 g bunt, pr. kg 79,60



REKER
Løse, str. 70/90, frosne, pr. kg



GRILLPØLSER
600 g Go' & Mager, Gilde, pr. kg 55,67



TOMATER
400 g Romanse/Rødme, Gartner, pr. kg 74,75



FREIA MELKESJOKOLADEIS, FIRKLØVERIS
6 pk Hennig Olsen Is, pr. stk 8,32

15%
BONUS

Bli KIWI PLUSS-kunde
og få 15% BONUS på
all fersk frukt og
grønt og all
ferskpakket fisk

KIWI
PLUS

trumpf

Se kiwi.no

KIWI

mini
pris

Kjøp kjapt, trygt og billig

SUNNHET
TIL FOLKET

KIWI
PLUS

4.
BIND-, TAMPONG-
ELLER TRUSLINN-
PÅKKE GRATIS
KIWI

4.
Du får hver
Libero, Pampers, Lilleo
blesepåke GRATIS
KIWI



REELL FARE: Skogbrannfaren i Bjørnafjorden kommune er reell. Brannsjef Eivind Hovden oppmodar folk til å vera svært forsiktige med å gjera opp bål ute i naturen. Foto: Benjamin Søgne Olsen

Slik svarer brannsjefen på «oppmoding» frå lesar: – Det blir litt som at ein ikkje skal nytta bil fordi det er farleg å køyra

Ein lesar meiner den store skogbrannfaren gjer at folk bør halda seg unna fjellet. Brannsjef Eivind Hovden meiner det blir feil.

► **Kenneth Svenningsen**
kenneth.svenningsen@osogfusa.no

Etter ein lengre periode med sol og ingen nedbør er det tørt i skog og mark i kom-

munen vår. I helga fekk Os & Fusaposten ei melding frå ein kar på Lysekloster som uttrykte uro over at så mange folk går til Lyshornet i desse dagar.

— Eg har alltid rådd eigen familie til å halda seg unna fjellet og spesielt skogkledde fjellparti når det er så tørt og så stor brannfare som det er no. Om det skulle oppstå ein skogbrann, er det nemleg svært stor fare for at folk som går i slike område blir «fanga» og ikkje kjem seg unna, skriv vedkomande til lokalavisa.

Brannsjef i Bjørnafjorden kommune, Eivind Hovden, svarer slik når han blir konfrontert med utsegnar:

— Eg forstår kva han meiner, men nei, eg vil ikkje råda folk til å unngå å nytta fjellet og naturen sjølv om det er tørt. Det blir litt som at ein ikkje skal nytta bil fordi det er farleg å køyra. Men for all del, det er mange andre tilrådingar me kan koma med. Det er svært tørt, og det å gjera opp eld eller å nytta eingongsgrillar, må berre gjerast på eigna plassar. Eld i skog og bråtebrenning bør ikkje førekomma i desse dagar, seier brannsjefen.

12 år sidan brannen på Ulven

Det siste tilfellet av større skogbrann i Bjørnafjorden kommune fann stad på Ulven i åssida opp mot Ulvenfjellet sommaren 2008.

— Det var dramatisk. Då var eg sjølv med på slökkingsarbeidet sjølv om eg enno ikkje var byrja å jobba i Os. Den brannen viste nett det som lesaren påpeikar, at brann i åssider spreier seg svært fort. Han har rett i at det kan vera skummelt, men me er likevel ikkje der at me bør råda folk til ikkje å nytta skog og fjell, seier Hovden.

— Kva kan du seia om brannfaren nett no?

— Her på Vestlandet er skogbotnen mykje tjukkare og inneheld meir næring enn andre stader. Det gjer at han er mindre lettenneleg her, enn til dømes nedover på Sørlandet. Men faren er der sjølv sagt likevel, så me skal vera merksame, konstaterer Hovden.

Han legg til at det uansett er uvitig omgang med eld og førebuing av mat som oftast fører til brann i naturen.

— Eingongsgrillane må ein vera ekstra forsiktig med. Folk er ikkje alltid like flinke til å sjå til at dei er skikkeleg sløkt etter bruk. Det beste er å dynka dei godt med vatn og ta dei med seg heim etter bruk. Dei skal ikkje liggja att i naturen, seier Hovden.

Skulane held fram på gult nivå fram til 1. august

Regjeringa har opna for at skular og barnehagar kan gå over til grønt nivå. Onsdag avgjorde kriseleiinga i Bjørnafjorden at skulane her i kommunen skal bli verande på gult.

► **Jostein Halland**
jostein.halland@osogfusa.no

Vedtaket om gult nivå gjeld fram til 1. august. Med mindre smittesituasjonen tilseier noko anna, vil barnehagane og skulane i Bjørnafjorden gå over til grønt nivå frå 1. august 2021, opplyser kommunen.

— Vi har forholdsvis låge smittetal i Bjørnafjorden kommune. Samstundes har vi nyleg hatt utbrot med ukjend



smitteveg, som gjer at Bjørnafjorden framleis ligg på risikonivå 2 i kommuneoverlegen si smitterisikovurdering. Dersom vi hadde gått for grønt nivå i barnehagane og skulane no, ville vegen tilbake til gult - og raudt - nivå vore ekstra krevjande, seier ordførar Trine Lindborg til kommunen sine nettsider.

Ho påpeikar at det er kort tid att av dette barnehage- og skuleåret, og seier at dei «ønskjer å skapa ein mest mogleg trygg og føreseieleg kvardag for tilsette, elevar og barnehagebarn».

— Barnehagane og skulane har drive heile siste året på gult nivå, og er ordentleg gode på rutineane. Dersom vi skulle få nye utbrot, vil rutineane på gult nivå gjera det enklare å smittespora og færre vil måtte gå i karantene, seier Lindborg.

TIL 1. AUGUST: Vedtaket om gult nivå gjeld fram til 1. august. Foto: Torgeir Holme

Os / Halhjem



Prisant.fra:
3 890 000,- + omk.



Adresse: Hauglandsjøen
Terrasse - byggetr. 2
Prisant.: Fra 3 890 000,-
Til 4 090 000,-
Omkost.: 15 092,-
Boligtype: Leilighet, eierseksjon
Bra/P-rom: 83.5 m²/81.4 m²
Finnkode: 220213171
Visning: Sø. 6/6 13:00-14:00
Påmelding til megler

Moderne og innbydende leiligheter - 1 av 4 solgt!

Hauglandsjøen Terrasse - byggetrinn 2

Hauglandsjøen Terrasse omfatter et terrassert leilighetsbygg og to frittstående leilighetsbygg. Byggetrinn 2 består av totalt 4 eierleiligheter fordelt på to etasjer. Det søkes om godkjenning for Husbankfinansiering for byggetrinn 2.

Innvendig tilbys gjennomtenkte planløsninger med gode og lyse oppholdsarealer. Opptil tre soverom. Trivelige og solrike utearealer med utsikt mot sjø. Det blir gode parkeringsmuligheter, hvor hver leilighet får parkeringsplass til to biler i tilhørende carport i kort avstand fra ytterdøren. Gode og tidsriktige kvaliteter med energibesparende elementer; leilighetene er prosjektert for å tilfredsstille kravene til energiklasse B.

Velkommen til kaffe, kake og en boligprat på Halhjem Kafé etter visning!



Kontakt megler:

Morten Christoffer Tøsdal
Morten.Tosdal@aktiv.no
98 22 06 02

Aktiv Eiendomsmedling
Bergen Sentrum

aktiv.
Tar deg videre

Tidlegare varaordførar om vikarbruken:

– Dette var bevisst politikk i Fusa

Det seier tidlegare varaordførar i Fusa, Magne Djuvik.

► **Jostein Halland**

jostein.halland@osogfusa.no

Han reagerer på spørsmåla Laila Reiertsen (Frp) tok opp i formannskapet torsdag om vikarbruken i kommunen.

– Bruken av vikarar kontra å tilsetja fast var bevisst politikk i Fusa, då behova i kommunen endra seg heile vegen. Dette gav oss ein fleksibilitet, heller enn å risikera overbemanning. Det hadde i alle fall vorte dyrt, utdjuvar Djuvik.

Han viser også til tidlegare ordførar Atle Kvåles argument med at rekrutteringa av personell har vore utfordrande i tidlegare Fusa kommune.

Djuvik meiner at ein heller enn å kritisera det som er gjort i Fusa tidlegare, må seia rett ut om ein ynskjer same ordning med faste stillingar på Fusa-sida, slik det har vore på Os-sida.



– Men då kan ein ikkje berre kutta i vikarbruken utan faktisk å få på plass personell i faste stillingar. Då endar ein berre opp med eit dårlegare tilbod til innbyggjarane. Det å ha like god kvalitet i desse tenestene på begge sider av fjorden er eit ufråvikeleg krav, seier Djuvik, som samstundes - med adresse til Reiertsen - spør om det er «denne type utspel som byggjer ein kommune».

Ps: Me kjem attende med meir frå formannskapet torsdag på osogfusa.no og i neste avis.

VIKARBRUKEN: Tidlegare varaordførar i Fusa Magne Djuvik seier dette var bevisst politikk i Fusa.

& LESARBREV

Me vil gjerne høyra di meining.
Send ditt innlegg til
post@osogfusa.no
eller ring inn 56 30 29 50

Om vikarbruken i kommunen: Innbyggjarane er vårt ansvar

Eg ser i Os & Fusaposten at vikarbruken i tidlegare Fusa kommune innan pleie og omsorg for åra 2014-2019 er av stor interesse for enkelte.

Mikal Leigland (Sp)
Varaordførar

At ein innan dette feltet har hatt utfordringar med å skaffa kvalifisert arbeidskraft, er ikkje noko nytt. Vi kan alle vera einige om at faste stillingar kunne vore å føretrekkja, men framstillinga økonomisk bør ein kunna stilla spørsmål om.



Det kjem ikkje fram eit rekneskap om kva eventuelt vikarbruken kostar ekstra i forhold til faste tilsette.

Både kommuneadministrasjonen og politikarar har hatt som mål at alle brukarar skal ha eit forsvarleg tilbod. Eg stiller spørsmål om det er slik at desse brukarane ikkje skulle fått eit forsvarleg tilbod?

Politikarane har her tatt ansvar for innbyggjarane på ein forsvarleg måte. Kven vil gjera noko anna?

Dette er daglege behov som er og skal bli stetta, ikkje prestisjebygg som drar ned drifta vår i tiår.

FORSVARLEG TILBOD: - Eg stiller spørsmål om det er slik at desse brukarane ikkje skulle fått eit forsvarleg tilbod? Foto: Liv Berit Kallekleiv

EIENDOMSMEGLER VEST, NYBYGG

7/6
kl. 18-19

HALHJEMSMARKA 334, 5208 OS

Salgsstart

28 flotte leiligheter med fin utsikt i naturskjønne omgivelser på Halhjem. Drømmer du om å bo fredelig og rolig er Halhjemsmarka stedet. Her bor du ved enden av en blindvei uten gjenboere i rolige omgivelser. De fleste leilighetene får flott utsikt og gode solforhold. To garasjeplasser pr. leilighet, heis og private, skjermete balkonger.



EiendomsmeglerVest

**Pris kr 2 190 000,- til 7 000 000,-**

Totalpris kr 2 199 000 til 7 020 000 inkl. omkostninger

Leilighetene får god standard med parkett og fliser. Kjøkkeninnredning fra Nordsjøkjøkken. Der blir adgangskontroll - dørtelefon med kamera, Mellom to av byggene kommer det et praktisk fellesrom med glassfasade med utsyn mot den fine naturtomten som omgir eiendommen. Deler av utearealene opparbeides med gressplen og lekeareal.

P-rom/BRA: fra 49,4-111,9 m² • 1, 2 og 3 soverom • Estimert overtakelse 1. halvår 2023

VISNING: Velkommen til tomtevisning mandag 7. juni kl. 18.00-19.00
Se hele prosjektet på eiendomsmeglervest.no

MEGLER



Pål Huun Monsen
952 65 865
[pal.monsen](mailto:pal.monsen@emvest.no)
[@emvest.no](https://www.instagram.com/emvest.no)

Kvinnene som aldri sluttar å stå på, heidra seg sjølve



SANITETSKVINNER: Bortimot 60 sanitetskvinner frå Bjørnafjorden kommune heidra seg sjølve i samband med Kløverstafetten måndag kveld. Foto: Kenneth Svenningsen

I 125 år har sanitetskvinnene i Noreg stått på for å betra helse- og levevilkåra i landet. Måndag kveld nådde «Kløverstafetten» Bjørnafjorden kommune.

► Kenneth Svenningsen

kenneth.svenningsen@osogfusa.no

I høve 125-årsjubileet til Norske Kvinners Sanitetsforening (N.K.S) vert det denne sommaren arrangert ein stafett som fram til Lansdsmøtet i Tromsø 24. september skal gå gjennom heile landet.

Det seier seg sjølve at kvinner som står på pinne for alt mogleg også må ha ein stafettpinne å senda rundt når ein jubilerer. Stafetten starta på Svinesund 1. mars og nådde Bjørnafjorden kommune måndag kveld.

— Me fekk stafettpinnen på Halhjem tidlegare i dag. Me køyrde han tilbake til Kløvertun der me hadde samla ein god gjeng. Deretter gjekk me saman ut til Hatvik, fortel leiar i Søre Neset Sanitetslag, Anne Grete Bergtun.

Den gode tursamtalen

— De valde å gå heile vegen frå Os til Hatvik. Kvifor?

— Det heiter jo stafett. Då må ein jo flytta på seg. Me valde å gå og det var ikkje noko dårleg val i dette finværet, smiler Bergtun.

Ho legg til at dei i hennar lag har turdag éin dag i veka. Då passa det fint å gjera denne stafetten til ein turdag-sysel.

— Det å koma seg ut og gå i lag med andre er heilt supert. Ein får mange gode samtalar når ein spaserer i lag i naturen eller langs vegen, slår Bergtun fast.

Totalt 40.000 kvinner er i dag aktive i ein eller fleire sanitetsforeiningar her i landet. I Bjørnafjorden kommune har me åtte foreiningar. Fem på Os-sida og tre i Fusa.

Høgtideleg overrekking på Hatvik

Vel framme på Hatvik ferjekai var det klart for overlevering til laga på Fusa-sida. Totalt møttest nesten 60 sanitetskvinner på parkeringsplassen.

Blant dei frammøtte var Annbjørg Laupsa, leiar i Fusa Sanitetsforening.

— No skal me ta stafettpinnen med oss over fjorden. Deretter skal me unna oss ein god matbit på Lailas kro. Grunna koronaen har me ikkje hatt så all verda med treff den siste tida, men ein matbit i sola, utandørs, reknar me med vil gå greitt, seier Laupsa.

— Kvifor er det viktig at de i sanitetsforeiningane er ute og viser dykk på denne måten?

— Det er viktig fordi sanitetsforeiningane i landet har betydd mykje både lokalt og nasjonalt i mange, mange år.

Det er viktig å setja fokus på alt frivillig arbeid som vert lagt ned og visa det engasjementet som sanitetskvinnene over heile landet har vist mellom annan for å betra helse- og levevilkåra, seier Laupsa.

Ho kunne fortelja at dei ville levera stafettpinnen vidare til Eikelandsosen sanitetsforeining etterpå.

— Dei skal ha arrangement i morgon. Dei skal mellom anna sykla eit stykke vidare med stafettpinnen, før dei møter representantane i Varaldsøy Sanitetsforening på Mundheim.

Etter dette går stafetten vidare til Øystese, Fykse og Voss.

Ordføraren melde seg inn

Også Trine Lindborg var på plass på Hatvik måndag kveld. Ordføraren i Bjørnafjorden kommune kunne avsløra at ho



KLAR FOR TUR: Os-delegasjonen klar for etappen frå Kløvertun til Hatvik. Med stafettpinnen - Marianne Bergtun og Elisabeth Wik. Foto: Privat foto



PENGAR: N.K.S-organisasjonen samlar inn store summar på frivillig arbeid. Foto: Kenneth Svenningsen



GOD REKRUTTERING: Ordførar Lindborg slår fast at rekrutteringa er i orden etter å ha helst på vesle Ane og Oda Gjerdevik Laupsa. Foto: Kenneth Svenningsen



ORDFØRAREN OVERLEVER-TE: Ordførar Trine Lindborg overleverte stafettpinnen til Annbjørg Laupsa. Foto: Kenneth Svenningsen

hadde meldt seg inn i Noske Kvinners Sanitetsforening.

— Det var på tide, vil sikkert mange seia. Eg har alltid vore imponert over arbeidet som dei mange sanitetsforeiningane her i kommunen gjer, og som liten hadde eg eit sterkt forhold til Kløvertun og det som skjedde der, fortalde Lindborg.

Ho presiserer at ho no er blitt såkalla støttemedlem.

— Eg får heller venta med å melda meg inn i noko lokallag, men eg må seia at eg er veldig stolt over at me har så mange som åtte her i kommunen. Det vitnar om stort engasjement, sa Lindborg.

Ho slo også fast at det er viktig å sikra etterveksten til sanitetsforeiningane.

— Det ser eg de er i gang med her i dag,

sa Trine, og peika på dei vesle tvillingbarnebarna til Annbjørg Laupsa, Ane og Oda Gjerdevik Laupsa.

Forsking også på dei utan ballar

Etter Lindborg var det fylkesleiar Olaug Karin Borge sin tur til å seia noko om jubileet, stafetten og sanitetsarbeidet generelt.

— Det er litt rart å tenkja på at sanitetsarbeidet vaks fram for 125 år sidan som følge av ein pandemi, nemleg tuberkulosen. Så står me her no midt i ein ny pandemi, starta ho.

— Helsevesenet er langt betre no enn den gong, og me håpar at me er på veg ut av koronaen, men også innan vaksineringsarbeidet veit eg at mange sanitetsforeiningar er aktive og står vakt. Takk

for det, sa Borge.

Vidar minna ho om den landsomfattande aksjonen for å styrkja kvinnehelsa.

— N.K.S har sett av 25 millionar kroner på forskning på kvinnekroppen i 2021. Det er rart at me må samla inn pengar for at det skal forskast på kvinnekroppen, men no er det no ein gong slik, sa Borge og heldt fram:

— Eg likar slagordet: «Må eg ha ballar for å bli forska på», sa Borge til stor latter frå dei frammøtte.

— Kvinner har og får andre sjukdommar enn menn. Det er klart at det må forskast på. Det har med likestilling å gjera. Satsinga vår på dette området vil gje resultat, sa ho.

Deretter overrekte ho ein N.K.S-caps

til ordførar Lindborg og ein raud knapp som ho oppmoda ordføraren til å gje til underteikna.

— Her Kenneth, denne knappen får du for å visa at du støttar sanitetskvinnenes kamp mot vald mot kvinner.

— Takk, eg skal sy han på bunaden, var mitt spontane svar.

**VEDLIKE-
HALDSFRI:**
Kjerneved frå
malmfuru vil
gråna
naturleg og
vera tilnærma
vedlikehalds-
fri. Foto: Anne
Marie Aarøen
Vangsnes



Sjå fleire bilete på
osogfusa.no



**DET NYE LÆRAR-
KOLLEGIET FOTO:**
Anne Marie Aarøen
Vangsnes

KVAR SIN FARGE:
Kvart trinn har sin eigen
farge og si eiga sone med
klasserom, grupperom,
toalett og garderobe-
skap. Foto: Anne Marie
Aarøen Vangsnes



UNIKT: Assisterande prosjektleiar Erik Morken er imponert over god planlegging frå kommunens side og kallar prosjektet «unikt i skule-samanheng». Foto: Anne Marie Aarøen Vangsnes

Rektor Gunnhild Hansen viser sto

Lærarar og leing er på plass. Snart manglar berre elevane og den siste finishen.

► **Anne Marie Aarøen Vangsnes**
anne-marie@osogfusa.no

Det er innspurt i byggjearbeidet på den 6.000 kvadratmeter store skulen på Hjelle. Over alt er det menn i neongule

refleksvestar og lyden av anleggsmaski-
ner er konstant.
Medan alle klasserom, gymsal og ad-
ministrasjonsfløy er så godt som klare,
står det enno ein del att i skulens hjarta;
det store og luftige amfiet ved hovud-
inngangen.
— Det er ein draum å skulle vera rektor
under slike forhold. Men når eg går inn i
eit av klasseromma her, så kriblar det i
heile meg etter å vera lærar og undervisa
igjen, ler rektor Gunnhild Hansen.
Saman med kommunens «skulebyg-
gjar-veteran», prosjektleiar Ole-Håkon

Sælen, og assisterande prosjektleiar for
entreprenørfirmaet Hent, Erik Morken,
viser ho oss rundt på Bjørnafjorden kom-
munes nye prestisjebygg.
Dyrt, men vil spara inn på sikt
Ytterveggene er kledde med kjerneved
av malmfuru. Treet, som er ubehandla,
vil gråna med åra. Det er tilnærma ved-
likehaldsfritt og skal ikkje målast. Same
materiale er også brukt på Os Aktiv.
Sælen ler når han fortel om arbeids-
folka som nyleg stod klare med målar-
kosten ved Os Aktiv.

— Vi fekk stoppa dei i siste sekund.
Eg trur dei var nøgde med at dei slapp å
måla det store bygget, ja.
Han veit at enkelte synest det er vel
råflott med bruk av malmfuru, men er
overtydd om at kommunen vil tena det
inn att i spart vedlikehald.
Møblar og teskeier
Også innomhus er tre det dominerande
materialet. Alle vegger er kledde med
treplater som er behandla for ikkje å
gulna.
— Bruken av tre er allergivenleg og



HOVUD-INNGANGEN: Hovudinngangen vender mot bilvegen. Foto: Anne Marie Aarøen Vangsnes



KRIBLAR: Rektor Gunnhild Hansen kan nesten ikkje venta med å ta det nye bygget i bruk. Foto: Anne Marie Aarøen Vangsnes

17 TONN: Dei nye avfallstankane veg 17 tonn kvar og vert grave ned eit stykke unna skulen. Foto: Anne Marie Aarøen Vangsnes

olt fram nye Borgafjell barneskule

syter for eit godt inneklima, forklarar Morken.

For Hansen har dei siste månadane handla om val av fargar, møbelbestilling og ei endelaus rekkje med hugselister. Ein handledur til Ikea for å velja ny sofa bleiknar i høve til å innreia 6.000 kvadratmeter med alt frå møblar til teskeier.

Så langt er minst fem trailerlass fulle av møblar lagt til bestilling. I tillegg må alt av undervisningsmateriell og pensumlitteratur byggjast opp frå scratch.

— Det har vore ein enorm jobb, men eg har fått veldig god hjelp. Og uansett

kan eg garantera at noko vil mangla ved skulestart i august, smiler ho.

Elevane i høgsetet

Trass alt som skal ordnast av praktisk karakter, er det éin ting som står i hovudet på rektoren; At elevane får det bra og trivest på den nye skulen.

— For dei som kjem frå vesle Hegglandsdalen skule er overgangen enorm. Men også for dei som kjem frå Os skule blir det mykje nytt. Mitt og dei andre lærarane sitt fokus er å gjera den nye kvardagen tryggast mogleg for alle ele-

vane.

Litt ekstra omsut har ho likevel for 40 spente fyrsteklassingar.

— Sjølv om skulen er ny for alle, er han ekstra ny for dei som aldri har gått på skule før. Vi skal passa godt på så dei kjenner seg ekstra sett, lovar Hansen.

Desse blir avdelingsleiarar

Det nye lærarkollegiet, som stort sett kjem frå Hegglandsdalen skule (Gunnhild Hansen er sjølv rektor der) og Os barneskule, tel omlag 30 personar.

Avdelingsleiarar blir Tonje Næsheim

(1.-3. trinn + SFO) og Marte Hellebø (4.-7. trinn).

Før oppstart i august, får dei nøyaktig fire dagar til å jobba seg saman før det brakar laus med elevar.

— Det er i minste laget, men alt no møtest vi på teams og eg kan lova at vi alle gler oss skikkeleg til å koma i gang.

Fagfolk & Teneste

Fagfolk med erfaring – alt innan hus, hage, tenester og veg?
Per måned (for både nett og papir) kostar ei enkelrute kr **1400,-** og ei dobbelrute kr **2000,-**.

ANLEGGSGARTNAR

OS HAGESERVICE
alt innen hage

56 57 66 77 - 99 00 80 80 - eshageservice.no

BÅTVERKSTAD

Service & reparasjoner
på alle typer båter!

Os Marineservice
Hvis din båt fikk velge...

Tlf. 56 30 97 97 • osmarineservice.no
post@osmarineservice.no • Bjørnavegen 31, 5208 Os

GOLV

Vi utfører:

- Gulvavretting (flytesparkling)
- Impregnering
- Isolering
- Armering
- Alle typer gulvstøp
- Epoxybelegg

BEG
BETONGGULV A/S

Postboks 54, 5207 Søfteland

☎ 56 30 41 70
www.betonggulv.no

E-post: post@betonggulv.no

MURAR

Murmester
Røttingen

Alt innen
mur-, puss-
og flisearbeid!

☎ 908 69 992
e-post: kjell.rottingen@gmail.com

ANLEGGSGARTNAR

Anleggs
GARTNER Steinar
MIDTRØD

☎ 992 78 194

Gratis uforpliktende befaring, prøv oss!

E-post: post@agsm.no / www.agsm.no

ELEKTRIKAR

Treng du elektriker?

RØD elektro
elkonor

Mobergsbakken, Os
Jan-E. Rød, Aut. høg/lavspenningsinst.
post@rodelektro.no • ☎ 56 57 66 30 • 930 38 964

RENOVASJON/TRANSPORT

- Containerutleie • Renovasjon
- Transport

STRANDVIK
Transport og Maskin AS

5643 Strandvik

☎ 56 58 21 11 • 918 44 000 • 900 12 126 • 918 18 592
e-post: dulten@online.no • strandvik.no

BILVERKSTAD

Skaathun Bilverksted AS

v/Ole Viggo Skaathun
5203 Os – ☎ 56 57 48 88

- EU-kontroll • Hjulstilling • Service
- Lakking/karosseri • Bilglass
- Alle bilmerker • Autorisert bilverksted

ELEKTRIKAR

Elektro-Design AS
AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Trenger du en elektriker?
Ta kontakt med Geir Skarding:
Mob. 91129784

Strøvege 49, 5217 Hagavik, elek-3@online.no

INTERIØR

Håndlagde interiørprodukter
i tre til hus og hytte.

Også bredt utvalg i feks
bunads- og sølvbelteskrin,
brukskunst og flotte gaver!

Arvids trekunst
og dekorasjon

☎ 900 39 453 | post@arvidseino.no
trekunstogdekorasjon.no | Kolskogheiane 6

RØYRLEGGJAR

Varme & Rørteknikk AS

Nytt bad – ny bolig? Vann eller varme?
Vi tilbyr alle rørleggertjenester.

☎ 56 30 60 85 – firmapost@vrt.no

BYGGMESTER

PV

- Tilbygg
- Nybygg
- Rehabilitering

Byggmesterfirma

☎ 55 70 64 02 – www.pvbygg.no

ELEKTRIKAR

Utfører elektroinstallasjon innen:

- Servicearbeid • Rehabilitering • Nybygg
- Ladeløsning for el-bil • Smarthus

SAS Elektroservice AS

☎ 418 09 620
perasle@saselektro.com

MALER

ah MALERMESTER
ALF HJELLE & SØNN AS

☎ 915 46 880
e-post: firmapost@alfhjelle.no
www.malermesterhjelle.no

RØYRLEGGJAR

Vi leverer varer og tjenester du skal ha glede av i mange år, derfor holder vi topp kvalitet og service.

RØRLEGGERTETOS

☎ 56 30 09 37 // 909 18 642 // marianne@roer-os.no

BÅTHAVN/BÅTSALG

Dranges Båtservice & Co. og Motor Drange as i Lysefjorden

- Salg og verksted for de fleste båt-/motortyper, utenbords/innenbords • Ledige båtplasser opp til ca. 55'

Døgnåpne kortpumper for bensin og diesel!

☎ 56 30 90 69 • e-post: verksted@drange.no
www.drange.no

ELEKTRIKAR

Elektrikeren i Os

Os Elektro AS
AUT. ELEKTROENTREPRENØR

Alle typer elektriske installasjoner

Tlf. 56 30 16 39 – 928 02 313.
www.oselektro.no

dsb pt

MALER

Malermester
T. Kvittingen

☎ 918 02 909

- Inn-/utvendig malerarbeid
- Tapetsering • Gulvbelegg

STEIN

OK
OS KUNSTSTEN AS

Ådnadalen,
Ulvenvegen 340,
5217 Hagavik

Pukk • Singel • Grus • Naturstein

☎ 56 30 10 70

TAKSTMANN

BMTF
Takstmann Øystein Eide

**Verditakst
Tilstandsrapport
Skadetakst**

E-post: takstmann.oystein.eide@altiboxmail.no
Mobil: 966 33 369


ENTREPRENØR

BOTNEVIK

☎ 951 13 187
924 60 307

E-post: obotnevi@online.no

- Graving / transport • Brøyting / snørydding
- Godkjent for vatn og avlaup
- Anlegg og drift av grøntområde



"Fagfolk til teneste"

kjem ut på både nett og i papiravisa kvar fredag!

Vi har plass til fleire om du vil annonsera på desse sidene i lag med andre fagfolk! Ta gjerne kontakt med marknadsavdelinga på e-post: marknad@osogfusa.no eller ring oss på telefon 56 30 29 50

Os & Fusaposten



KUNNGJERING & RUBRIKK | ARRANGEMENT

GRATIS DROSJE for alle pensjonistar i Os (65+)

Måndagar, onsdagar og fredagar kan du verta henta heime i ti-tida og køyrd til Os Sentrum og Os Eldresenteret i Hamnevegen.

I utgangspunktet gjeld transporten mellom heimen din og Eldresenteret, men vi vil være fleksible slik at du også kan nytta transporten til andre føremål som frisør, lege, butikk eller andre oppgåver i og rundt sentrum, om du ynskjer det.

Returen heimatt startar på Os Eldresenter mell. kl. 12.30 og 13.00, men du kan sjølv avtale annan hentestad med sjåføren innanfor dette tidsrommet.

Bestill helst dagen før, mell. kl. 17.00 og 20.00, på tlf. 907 98 332



ALDRI ÅLEINE

*Er du blitt litt stor til søndagsskule?
Likar du å prata, leika, synga og sjå film?
Er du glad i mat?
Har du lyst til å bli meir kjend med Jesus?
Viss svara er ja, er kanskje
«Aldri åleine» noko for deg!*

Søndag 7. juni kl. 18-19.30
blir det «Aldri åleine» i KYRKJETUNET.

Dette er eit tilbod for dei som går på mellomtrinnet (viss du er ferdig med 4. klasse er du gammal nok). Her skal vi bli betre kjende med Jesus, og med kvarandre. Vi skal leika, og kosa oss med god mat ute på Kyrkjeflaten. Denne kvelden blir ein forsmak, til hausten blir det fleire «Aldri åleine»-treff!

VEL MØTT!

180 kvm isolert **lager til leige** på Særvold. Kr 7.500,-/mnd. + mva. ☎ 986 88 644.

Utvendig malerarbeid utføres. Ekstra rimelig. Har stillas og høytrykksspyler. ☎ 906 11 509.

Alt innen grunnarbeid og transport
Tøsdal Maskinstasjon AS
tlf. 930 68 286

19 m³ skapvarebil med lift. Bud, flytting, varetaxi m/ sjåfør. No også flytt-selv-bil.
SJÅFØRVIKAREN
☎ 930 88 165

Ønsker å kjøpe PÅHENGSMOTOR
Uansett tilstand og størrelse. Alt av interesse. Defekt eller vært under vann er ingen hindring. Ta kontakt på ☎ 465 42 123.

GOD HELG!



Statsforvalteren i Vestland

Frivillig skogvern av fem område – høyring

Vi foreslår vern av fem skogområde i Vestland som naturreservat. Områda har eit samla areal på om lag 5 607 dekar.

For Bråvold og Hus i Ullensvang gjeld høyringa etablering av eit nytt naturreservat. For Åkre og Vikane i Voss herad, Gulbergnotten i Ullensvang herad, Steinen, og Setråsen og Femanger i Bjørnafjorden kommune gjeld vernearbeidet ei utviding av dei eksisterande naturreservata.

Initiativet til frivillig skogvern kjem frå grunneigarane. Ei status som naturreservat vil gje dyre – og plantelivet betre levekår og bidra til å nå mål sett av Stortinget. Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i urørt tilstand.

Meir informasjon finn ein på nettsida vår på **www.statsforvalteren.no/vestland** under temaet «Høyringar». Frist for uttale er 3. august.

Strandvik og Vinnes Vassverk SA

ÅRSMØTE

søndag 20. juni kl. 20.00
i NESJAHEIMEN på Vinnes.

Vanlege årsmøtesaker.

Velkommen!

Styret

Skjørsand & Fusa Vassverk SA

ÅRSMØTE

i FUSA SAMFUNNSHUS
torsdag 10. juni 2021 kl. 20.00

Sakspapirene er utlagt på vår Facebook og vår hjemmeside: **www.skjorsandogfusa.no**

Vel møtt!

Styret

BRANNSTIGER
☎ 924 30 563

Bedehuset Betania, Os

MØTE

Søndag 6. juni kl. 11.
Tale v/Thomas Kjær Olsen.
Kollekt.

Velkommen til samling om Guds ord.

Arr: Indremisjonen og Misjonssambandet



Søndag 6. juni:

Kl. 11.15:

Gudsteneste

v/kapellan Anette-Emilie Gangstø. Deltakande: Sigbjørn Grønås, Torgeir Skjælaaen, Sara Skaatun m/fleire. Nattverd. Vi markerer Skaperverkets dag. Takkoffer går til Kirkens bymisjon, Bergen.

Det kan no være 100 stk. til stades i Os kyrkje. Det er ikkje påmelding. Det er anbefala med munnbind ved inn- og utgang.

FAGBREV



Marte Meidell har teke fagbrev i akvakulturfaget.

Gratulerer til Marte og til lærebedrifta Tombre Fiskeanlegg AS!

Tombre



T: 56 55 38 80
Sandvenvegen 40
Norheimsund
www.handalag.no

Strandvik Grendahuslag

Årsmøte

søndag 24. juni kl. 19.00
i STRANDVIK GRENDAHUS.

Sakliste: Vanlege årsmøtesaker.
Saker til eventuelt må meldast til styret innan 17. juni på e-post: **strandvik.grendahus@gmail.com**

Vel møtt!

Styret

Kjøp og sal av eigedomar i

Desse eigedomane i Bjørnafjorden skifta hender i mai.

Knutavegen 30 (Gnr 42, bnr 54) er overdrege for kr 9.000.000 frå Henrik Advocaat Lund til Frederik Wilhelm Mohn (30.04.2021)

Midtsætervegen 10 (Gnr 82, bnr 22) er overdrege for kr 2.400.000 frå Erna Lønningdal Gorm-Hansen og Stein Engel Lønningdal til William Wiers (03.05.2021)

Stallabrotet 4 B (Gnr 120, bnr 127, seksjon 2) er overdrege for kr 2.500.000 frå Per Johannes Johannessen til Marianne Rolland (03.05.2021). Salet omfattar også del av Gnr 120, bnr 145

Tøsdalsvegen 7 (Gnr 54, bnr 547) er overdrege for kr 5.350.000 frå Kristian Hellebø og Marie Hellen til Jan Martin Gjertsen og Anne Karin Johnsen (03.05.2021). Salet omfattar også Gnr 54, bnr 732

Dahlsvegen 55 (Gnr 34, bnr 98) er overdrege for kr 5.700.000 frå Andreas Hagevik og Tone Steinsund Hagevik til Johanne Rotvik og Bjørn Sæther (03.05.2021)

Kvernhusrenen 138 (Gnr 44, bnr 158, seksjon 2) er overdrege for kr 4.250.000 frå Gaute Gjerløw Remen til Dag Olav Reinholdtsen (03.05.2021)

Lepsøyvegen 1 (Gnr 49, bnr 23) er overdrege for kr 3.800.000 frå Paul Inge Vikingstad og Synne Hartveit Vikingstad til Lars-Eirik Lekven (03.05.2021). Salet omfattar også Gnr 49, bnr 44

Øvre Hafskor 192 (Gnr 118, bnr 32) er overdrege frå Herborg Bolstad til Anni Bolstad (03.05.2021). Overdraginga omfattar også Åsevegen 24 (Gnr 170, bnr 5)

Storestraumen 165 (Gnr 61, bnr 201, seksjon 33) er overdrege for kr 2.335.000 frå Maiken Beate Fjellanger til Andreas Herland (04.05.2021)

Storestraumen 191 (Gnr 61, bnr 201, seksjon 13) er overdrege for kr 4.250.000 frå Bjarte Årvik til Hans Olav Alfsvåg og Inger Grete Alfsvåg (04.05.2021)

Hjellevgegen 28 (Gnr 61, bnr 83) er overdrege for kr 7.270.000 frå Synnøve Mariann Årseth til Alexander Peschout Olsen og Maja Sandvik Olsen (04.05.2021)

Greidalsvegen 6 B (Gnr 51, bnr 40, seksjon 6) er overdrege for kr 3.050.000 frå Per Sigurd Tvedt Skjeldal til Jarl Abrahamsen Våge (04.05.2021)

Ytterøya 61 (Gnr 42, bnr 85) er overdrege for kr 4.250.000 frå Astrid Lunde Fosse til Petter Georg Falck (04.05.2021). Salet omfattar også Gnr 42, bnr 87

Solstrandvegen 30 (Gnr 63, bnr 539, seksjon 31) er overdrege for kr 5.550.000 frå Else Djuve Arnesen og Sigurd Arne Arnesen til Randi Toft og Tore Toft (04.05.2021)

Prestegardskogen 50 (Gnr 55, bnr 235, seksjon 1) er overdrege for kr 2.600.000 frå Trygve Førelund Pedersen til Rebekka Damman og Mathias Nordquist Lindhardt (04.05.2021)

Storestraumen 185 (Gnr 61, bnr 201, seksjon 11) er overdrege for kr 3.200.000 frå Jarle Nytræ til Lise Marie Mehammer (05.05.2021). Salet omfattar også del av Gnr 61, bnr 201, seksjon 43

Monsavegen 4 (Gnr 45, bnr 131) er overdrege for kr 4.390.000 frå Bjarte Bergtun til Dagfrid Alice Andersen og Roy Arne Andersen (05.05.2021)

Skeisheia 26 A (Gnr 34, bnr 482, seksjon 1) er overdrege for kr 1.920.000 frå Martha Eikebø Kvalvaag til Piotr Cegiel-



MAI: Eigedomslistene for mai er klare. Foto: Torgeir Holme

ski (05.05.2021)

Strandli 2 A (Gnr 185, bnr 67, seksjon 1) er overdrege for kr 1.850.000 frå Joachim Tveit til Monica Vik (05.05.2021)

Kuhnlevegen 163 (Gnr 51, bnr 535, seksjon 4) er overdrege for kr 3.910.000 frå Os Boligbygging as til Renate Vikøren Frugård og Bjarte Hope (06.05.2021)

Hjellevgegen 119 (Gnr 61, bnr 161, seksjon 1) er overdrege for kr 3.350.000 frå Nina Jargren til Lise Lorgen Gloppholm og Aleksander Hognerud Sydnes (06.05.2021)

Skeisleira 138 A (Gnr 34, bnr 577) er overdrege for kr 5.850.000 frå Rune Knoff Baldersheim og Anne-Liv Nygård til Ingar Norberg og Randi Norberg (06.05.2021)

Drangneset 130 (Gnr 21, bnr 42) er overdrege for kr 2.230.000 frå Elfi Valeria Myhre til Abdullah Sami Madhun og Cecilie Solvåg Madhun (06.05.2021). Salet omfattar også Gnr 21, bnr 46

Russevika 19 (Gnr 201, bnr 87) er overdrege for kr 3.050.000 frå Knut Karl Haga til Bjørg Roaldstveit og Odd Olai Roaldstveit (06.05.2021)

Lepsøyneset 49 (Gnr 31, bnr 43) er overdrege frå Irene Gjerde til Mariann Gjerde (06.05.2021)

Lekvenmarka 11 A (Gnr 49, bnr 96, seksjon 2) er overdrege for kr 4.450.000 frå Adelheid Ulltang Klyve og Terje Klyve til Gabor Nemeth (07.05.2021)

Skipavika 76 B (Gnr 27, bnr 522) er overdrege for kr 3.790.000 frå Rebecca

Fjellbakk Carlsen og Ole Martin Øvstedal til Lisbeth Midttveit (10.05.2021)

Del av Gnr 8, bnr 16 er overdrege frå Ada Askevold, Laila Alise Hellesund og Henry Kristiansen til Nils Kåre Kristiansen, Nina Britt Gading Kristiansen, Odd Gunnar Kristiansen og Siri Kristiansen (10.05.2021). Overdraginga omfattar også del av Gnr 8, bnr 290

Skipavika 78 B (Gnr 27, bnr 501) er overdrege for kr 3.990.000 frå Remy-Andre Lyssand til Jan Ole Bolstad og Camilla Wassberg (11.05.2021)

Gudridflaten 57 (Gnr 54, bnr 711, seksjon 29) er overdrege frå Marta Skillebakk til Nils Lyssandtræ, Kristi Lyssandtræ Neuberger, Olga Helene Ask, Lillian Hauge, Birgitte Milde, Nadja Malen Jo-

mai



leik, Odin Joleik Milde og Angelica Joleik Vaage (11.05.2021)

Gudridflaten 57 (Gnr 54, bnr 711, seksjon 29) er overdrege for kr 2.580.000 frå Nils Lyssandtræ, Kristi Lyssandtræ Neuberger, Olga Helene Ask, Lillian Hauge, Birgitte Milde, Nadja Malen Joleik, Odin Joleik Milde og Angelica Joleik Vaage til Kim Andre Sjurseth (11.05.2021)

Del av Gnr 178, bnr 124 er overdrege frå Inger-Johanna Eldring til Gro Eldring og Line Eldring (12.05.2021)

Ramsholmen 9 (Gnr 44, bnr 191) er overdrege for kr 1.448.000 frå Nina Dalen Seime til Kenneth Gjerde og Karoline Dalen Seime (14.05.2021)

Gnr 52, bnr 153 er overdrege frå Asbjørn Moberg til Terje Moberg

(14.05.2021)

Gnr 52, bnr 153 er overdrege for kr 10.000 frå Terje Moberg til Bjørnafjorden kommune (14.05.2021)

Del av Halhjemsøya 12 (Gnr 44, bnr 13) er overdrege frå Målfrid Åstveit til Leif Åstveit (14.05.2021). Overdraginga omfattar også del av Gnr 44, bnr 567 og del av Gnr 44, bnr 573

Øvre Våganeset 13 (Gnr 209, bnr 378) i Bergen kommune er overdrege frå Leif Åstveit til Anne Åstveit og Ole Åstveit (14.05.2021). Overdraginga omfattar også del av Halhjemsøya 12 (Gnr 44, bnr 13) i Bjørnafjorden kommune, del av Gnr 44, bnr 567 i Bjørnafjorden kommune og del av Gnr 44, bnr 573 i Bjørnafjorden kommune

Vinnesvegen 512 (Gnr 178, bnr 230) er overdrege for kr 3.050.000 frå Eirinn Hesvik Ljones til Jacob Gjernes (18.05.2021)

Laksavegen 5 (Gnr 52, bnr 85) er overdrege frå Gerd Ingvaldsen til Jørn Deinboll Ingvaldsen (18.05.2021)

Skeisheia 13 (Gnr 34, bnr 517) er overdrege for kr 4.650.000 frå Johanne Rotvik og Bjørn Sæther til Jan Arve Bernsen og Ingrid Soltveit Pettersen (19.05.2021)

Industrivegen 35 (Gnr 54, bnr 604) er overdrege frå Geir Flåten til Flåten Eien-dom as (19.05.2021)

Søvikvegen 96 (Gnr 17, bnr 160) er overdrege for kr 4.400.000 frå Rune Solemdal til Tuva Sande Bugge og Sindre Gjerde Solemdal (19.05.2021)

Gnr 13, bnr 17 er overdrege for kr 780.000 frå Torolv Lygre til Edel Karin Frotjold og Finn Frotjold (20.05.2021)

Del av Nordstølen 29 (Gnr 36, bnr 83) er overdrege frå Norunn Ingebjørg Johnsen til Bjørn Lyder Johnsen (20.05.2021)

Nordstølen 29 (Gnr 36, bnr 83) er overdrege for kr 3.300.000 frå Bjørn Lyder Johnsen til Mats Arntzen (20.05.2021)

Gudridhaugen 14 (Gnr 54, bnr 231) er overdrege for kr 3.625.000 frå Olav Leikvoll til Lena Leikvoll Hjelle og Kristian Røttingen (21.05.2021). Salet omfattar også Gnr 54, bnr 497

Skeisleira 96 A (Gnr 36, bnr 183, seksjon 1) er overdrege for kr 4.200.000 frå Beate Haugsgjerd og Roar Haugsgjerd til Simen Helland Bjørge og Sandra Straumsnes Bjørkelund (21.05.2021)

Gnr 34, bnr 636 er overdrege for kr 2.500.000 frå Heidi Louise Østgulen Hevrøy, Jostein Østgulen, Linn Kjerstin Østgulen og Solveig Marie Østgulen til Bjørg Drageset Lyssand og Jan-Tore Nordberg (21.05.2021)

Kvernhusrenen 101 A (Gnr 44, bnr 575, seksjon 2) er overdrege for kr 4.750.000 frå Svein Atle Garvik og Reidun Vasby til Hartmut Bodenmüller og Liv Bodenmüller (21.05.2021)

Del av Skorvane 57 (Gnr 34, bnr 280) er overdrege for kr 390.000 frå Bjørn Stian Bjoarvik til Lene Drageset Lyssand (21.05.2021)

Sperrevikvegen 77 C (Gnr 14, bnr 63) er overdrege for kr 4.300.000 frå Anne Genberg og Helge Oksnes til Kristine Elsa Krokli og Glenn Erik Trocio Thodesen (25.05.2021)

Skeisstøa 69 B (Gnr 34, bnr 563) er overdrege for kr 4.525.000 frå Alexander Peschout Olsen og Maja Sandvik Olsen til Morten Bergesen og Emilie Furevik (25.05.2021)

Del av Gnr 45, bnr 28 er overdrege for kr 4.500.000 frå Dan Erik Kristiansen og Joakim Byrknes Nymark til Kris-ter Michal Akse og Ekaterina Karpova (26.05.2021). Salet omfattar også Bjørnavegen 134 B (Gnr 45, bnr 232, seksjon 2)

Del av Haugen 51 (Gnr 193, bnr 16) er overdrege frå Ingvild Kårdal Haugen til Ørjan Karlsen og Audhild Kårdal (26.05.2021)

Del av Hellebakkane 74 (Gnr 17, bnr 269) er overdrege for kr 2.000.000 frå Marit Meland Aadland til Daniel Skoglund (26.05.2021)

Berge 29 (Gnr 71, bnr 7) er overdrege for kr 2.250.000 frå Gisle Lüssenhop og Tina Ragnhild Stokke Lüssenhop til Thomas Sjøvold (26.05.2021)

Del av Banktjørnhaugen 62 (Gnr 55, bnr 342) er overdrege for kr 1.640.000 til Stian Lindborg og Benedikte Holmefjord (26.05.2021)

Halhjemsmarka 23 (Gnr 44, bnr 427, seksjon 2) er overdrege for kr 1.990.000

frå Petter Wisnes Fristad til David Tjemsland (27.05.2021)

Del av Nordmarka 32 A (Gnr 59, bnr 95, seksjon 1) er overdrege til Zulfikar Abdelhamid Fahmy og Reidun Margrethe Gjerde (26.05.2021)

Byvegen 372 (Gnr 56, bnr 14) er overdrege frå Magne Skogen til Ingrid Laurense Skogen (26.05.2021)

Stølsmyro 24 (Gnr 34, bnr 550, seksjon 2) er overdrege for kr 4.350.000 frå Andreas Egge Døsen til Ole-Anders Storli (27.05.2021)

Skorvatjørno 19 (Gnr 34, bnr 349, seksjon 2) er overdrege for kr 2.500.000 frå Andreas Økland Hovden til Henrik Bor-gen (27.05.2021)

Prestegardskogen 72 (Gnr 55, bnr 243, seksjon 1) er overdrege for kr 2.250.000 frå Ronnie Aksland til Kim Phung Thi Tran og Nhat Tan Truong (27.05.2021)

Del av Bogstrandvegen 5 (Gnr 82, bnr 6) er overdrege frå Magne Perry Midtsæter til Anna Midtsæter (27.05.2021). Overdraginga omfattar også del av Gnr 82, bnr 11 og del av Øvredalsvegen 80 (Gnr 83, bnr 2)

Del av Bogstrandvegen 5 (Gnr 82, bnr 6) er overdrege frå Anna Midtsæter til Harald Midtsæter (27.05.2021). Overdraginga omfattar også Gnr 82, bnr 11 og Øvredalsvegen 80 (Gnr 83, bnr 2)

Vinnesvegen 519 I (Gnr 178, bnr 259, seksjon 1) er overdrege for kr 2.690.000 frå Ellinor Vinnes til Jon Bengtson Rønning og Merete Bengtson Rønning (28.05.2021)

Brugata 28 (Gnr 52, bnr 7, seksjon 42) er overdrege for kr 7.450.000 frå Bjørne-gården Burettslag, Thorstein Philip Henriksen, Resi Eiendomsutleie as, Bjørne-gaarden as, Jørgen Johannes Heje, Kje-til Torget, Anne Kari Reksten Holme og Bengt Holme til Knut Jarle Aspenes og Reidun Måkestad (28.05.2021)

Nedre Askvik 74 (Gnr 24, bnr 78) er overdrege frå Skåtøy Nils J til Else Signy Larsen, Arthur Skåtøy, Trond Robert Gulbrandsen, Grethe-Louise Opheim, Gunnar Opheim, Jan Dag Skåtøy, Mona Johanne Skåtøy, Turid Skåtøy, Werner Skåtøy, Elin Jakobsson, Solveig Dankertsen Kalvik, Rigmor Rongved og Astrid Stavland (28.05.2021)

Nedre Askvik 74 (Gnr 24, bnr 78) er overdrege for kr 5.100.000 frå Else Signy Larsen, Arthur Skåtøy, Trond Robert Gulbrandsen, Grethe-Louise Opheim, Gunnar Opheim, Jan Dag Skåtøy, Mona Johanne Skåtøy, Turid Skåtøy, Werner Skåtøy, Elin Jakobsson, Solveig Dankertsen Kalvik, Rigmor Rongved og Astrid Stavland til Eirik Henriksen Karstad og Amalie Sæterdal (28.05.2021)

Ådlandsvegen 277 (Gnr 113, bnr 11) er overdrege frå Einar Johan Martinsen til Cissel Karin Martinsen (28.05.2021)

Gnr 53, bnr 60 er overdrege for kr 59.100 frå Statskog Sf til Eli Lovise Nordstrønen og Øystein Nordstrønen (28.05.2021)

Lekvenvegen 28 (Gnr 48, bnr 227, seksjon 2) er overdrege for kr 2.850.000 frå Nina Sundfjord til Knut Jørgen Nesland (31.05.2021)

Banktjørnhaugen 16 D (Gnr 55, bnr 364, seksjon 17) er overdrege for kr 4.300.000 frå Eirik Henriksen Karstad til Ronnie Aksland og Gitte Hille (31.05.2021)

Del av Idrettsvegen 19 (Gnr 54, bnr 425) er overdrege for kr 1.632.000 til Solveig Nina Herland og Inger Hisdal (31.05.2021)

Levert av Ambita as

Bebuarar på farten: Fekk seg gratis rundtur i

Ingeborg og Åslaug var blant dei heldige som fekk seg gratis rundtur med Kjell Gytris nye turbuss sist veke.

► **Kenneth Svenningsen**

kenneth.svenningsen@osogfusa.no

Dei to 100-åringane og veninnene frå

buavdeling 1 på Luranetunet fekk plass heilt framme i bussen då Kjell Gytri henta bebuarane som kunne vera med sist torsdag. Ingeborg Haugland og Åslaug Bjørnevik storkoste seg.

— Dei hadde det så triveleg, og det hadde dei andre på turen også. Totalt var me ni som hadde lyst og høve til å vera med. To av dei altså på 100 år, og to andre på 99 år, forel fagleiar på buavdeling 1, Marianne Svendsen.

Ho kan ikkje få fullrost Kjell Gytri nok for tilbodet, guidinga og velviljen han igjen viser.

— Det er ikkje første gong Kjell tek be-

buarar frå Luranetunet med på tur, og igjen så gjer han det gratis. Me hadde ikkje hatt råd til å gjera dette, så me er uendeleg takksame for gesten hans, seier Svendsen.

Til barndoms plassane

Før avreise fekk passsjerane spørsmål om kvar dei ville køyra. Svaret var ganske unisont.

— Dei ønskte å sjå Osøyro, og alle kringane rundt. Plassane der dei er vaksen opp og har hatt kjennskap til i store delar av livet, fortel Svendsen.

For mange av dei bydde rundturen på

store overraskingar.

— Mange har ikkje vore utanfor senteret her på fleire år. Så det å sjå nye, utbygde strøk baud på store gisp: «Wow, herlegheit så mange hus som er bygd her», var kommentarane då dei køyrde ein tur i dei nye byggjefelta i Halhjemsmarka, fortel Svendsen.

Elles var det sjølvsagt både nostalgisk og rørende for passasjerane å sjå plassen der dei vaks opp eller har budd i store delar av livet.

— Dette var kanskje det viktigaste for det. Det gav dei også eit fint høve til å mimra litt i lag med oss andre, seier



STRÅLANDE BUSSTUR: 100-åringane Ingeborg Haugland og Åslaug Bjørnevik fekk sitja nesten heilt framme - og storkoste seg. Foto: Privat foto

Os



BLIDE: Ada Eide i lag med avdelingsleiar Vida Helland. Foto: Privat foto

Svendsen.

Is, vaffel og kaffi i sola
Sjåfør Gytri imponerte som guide og forteljar.

— Han har også ein sånn fin, lun humor som slo veldig godt an blant bebuarane våre. Han sa mellom anna at han som bergensar ikkje visste at han hadde betre peiling på Os og krinsane rundt enn dei som var fødde og vaksen opp her, smiler Svendsen.

Etter å ha vore på Solstrand, gamle Haugland, der nemnde Ingeborg budde i ei årrekkje, Midtbøvegen, Nore Neset, Oseana,

Os sentrum, Steinneset og på Hjelle for å sjå på nye Borgaffellet barneskule, gjekk turen tilbake til Luranetunet.

— Der avslutta me ein fantastisk dag på verandaen med is, vaffel og kaffi, fortel Svendsen.

Ho håpar at bebuarar på andre avdelingar på Luranetunet får høve til å få ein tur som dette.

— Det betyr enormt mykje for dei eldre å koma seg ut, og med ein så flink guide og sjåfør som Kjell, er det ekstra spesielt. Men for all del, han gjer det jo utan vederlag, så me kan sjølvsagt ikkje venta at han skal gjera det



MIDDAGSTREFF: Frå hausten av blir det faste månadlege middagstreff i Os Eldresenter og i Fjorden Arena. — Me ønskjer også å samarbeida med ungdomane på dei to vidaregåande skulane i kommunen, fortel Bjørn Sivertsen. Foto: Kenneth Svenningsen

Får 477.000 kroner i støtte til å laga middagstreff for einsame: – Du kan tru gleda var stor

Os Pensjonistforening har nok ein gong hanka inn midlar til gode føremål. No ønskjer dei å laga til middagstreff for einsame i lag med ungdom.

► **Kenneth Svenningsen**
kenneth.svenningsen@osog-fusa.no

— Me snur litt på flisa. I staden for at me ordnar med frivillige som kan reisa heim til dei eldre og eta der, ønskjer me faste månadlege treff på Os- og Fusa-sida der eldre kan vera i lag med kvarandre. I tillegg vil me kopla ungdomen på dei to vidaregåande skulane våre på prosjektet, fortel leiar i Os Pensjonistforening, Bjørn Sivertsen.

Han vedgår at det har vore ein sær innbringande vår for pensjonistforeninga og Os Eldreråd.

— Med rubbel og bit har me fått inn over 1 million kroner. Det er nesten så ein ikkje kan tru det, humrar 75-åringen.

— De har no vore flinke å søkja på eitt og anna også, då?

— Ja,. Eg fekk nyleg hint frå kommunen om eg ikkje ville koma å jobba litt for dei på dette feltet, ler Sivertsen.

To fluger i ein smekk
Os Pensjonistlag er blant 10 heldige søkjarar som får stønad til «Spisevenn»-prosjektet denne våren. Dei får heile 477.000 kroner.

— Det er såpass mykje at me

ser for oss at me kan arrangera treff ein gong i månaden på sommarstid, og to gonger i månaden utover vinteren. Treffa vil me ha i Os eldresenter på Osøyro og i Fjorden Arena i Eikelandsosen.

— Men dette samarbeidet med Os- og Fusa vidaregåande skular, kva er tanken der?

— Me synest jo det vil vera veldig kjekt å kopla unge og eldre saman. Samstundes ser me for oss at elevlar frå dei to skulane skal bidra med å førebu maten som skal serverast, fortel Sivertsen.

Maten skal lagast til på Fusa bu- og behandlingssenter og på Luranetunet.

Vil leita opp dei einsame
Av erfaring veit Sivertsen at dei mange eldre, einsame ikkje er dei første som melder seg når slike tilbod dukkar opp. Difor vil dei nytta seg av kommunen sine tilsette for å nå ut.

— Me vil samarbeida både med demensteamet og trykkleikssjukepleiarane. I tillegg vil me sjølvsagt dra nytte av dei to frivilligsentralane. Målet er å nå ut til alle som kan ha glede og nytte av dette tilbodet, seier Sivertsen.



ROS: Kjell Gytri får mykje ros og skryt for tiltaket og hans fine evne til å guida og prata med dei eldre under turen. Foto: Privat foto



FAMILIE: Nokre av bebuarane hadde med seg familie. Her er Ågot Gjerde i lag med sonen Eivind. Foto: Privat foto



NØGDE: Bjørn Johansen i lag med Marianne Svendsen og Karina Lie. Foto: Privat foto

DU & EG

Send inn helsingar på e-post: helsingar@osogfusa.no eller kontakt oss på 56 30 29 50.
Helsing med bilete (både på papir og nett) kr 125,-/utan bilete kr 50,-.

Vår erfaring, din trygghet

Os Gravferdsbyrå as

Brugata 50, Os

Døgntelefon: & 56 57 49 50

Jorunn Moberg Agnethe Øvreeide

Helsingar



99 ÅR
MAGNHILD TØSDAL
Vår kjære mor, svigermor, farmor, mormor og olde-
mor Magnhild blir 99 år
mandag 7. juni.
Håper du får ein strålende dag!
Heile familien helsar deg på dagen din!



14 ÅR
EVEN GULLHAUG HENNES
Gratulerer med 14-års-
dagen i morgen, lørdag
5. juni, Even! Håper du
får en strålende dag!
Kjempeglad i deg!
Mange klemmer
fra farmor,
Jannicke og Thord m/fam.
Tom Erik og Linn m/fam.



9 ÅR
AMALIE GADING TORMA
Hipp, hipp hurra for
bestejenten vår, Amalie,
som fyller 9 år 5. juni! Du
er en snill og flink jente
og vi er kjempeglad i deg.
Gleder oss til å feire deg
på Kvamskogen.
1000-vis av
store og gode klemmer
fra mormor og morfar
i Gamlevegen

– Vi har hatt ei magisk reise med Osbanen heilt frå Nesttun til Os

Banktjørnhau-
gen barnehage
har vore på ei
reise i tid.

Jostein Halland
jostein.halland@osogfusa.no

Barnehagen har over ein periode hatt Osbanen som tema. Vanlegvis har dei tradisjonelle turar til Bergen sentrum, men i år måtte dei tenkja nytt grunna korona.

– Vi bestemte oss for å fokusera på nærmiljøet og nytta oss av den flotte kulturarven vi har her, fortel Silje Risnes Andersen og held fram:

– Vi har hatt ei magisk reise med Osbanen heilt frå Nesttun til Os.

Borna har vore innom alle stoppa og sett på bilete av korleis det såg ut før og korleis det ser ut no.

– Vi har undra oss over kor stor forandringa har

vore og kvifor det har blitt som det har blitt.

Alle borna har fått kvar sine billetter som dei har brukt på togturen, og alle har fått prøva seg som anten konduktør, togførar eller «billettutdelar».

– Vi har måtta fylla på med kol og vi har måtta stoppa toget dersom nokon har snike seg på utan billett, smiler Risnes Andersen.

Som ei avslutning på temaet, gjekk borna frå Banktjørnhagen til Os. På «Kuven stasjon» var det pause.

– Som alle flotte tog måtte vi sjølvstakt ha litt «kol» i oss før vi kunne tøffa vidare! Etter ei lita forsyning med kjeks og vatn, var det strake vegen ned til endestasjonen Os stasjon.

I Vognhallen fekk borna sjå flotte bilete frå Osba-
nen og nokre av dei som var med og byggja banen.

– Fleire av borna kunne fortelja at dei har kjenn-



BILLETTAR: Alle borna har fått kvar sine billetter som dei har brukt på togturen, og alle har fått prøva seg som anten konduktør, togførar eller «billettutdelar».

skap til nokon av desse. Det gjorde det nok ekstra stas, seier Risnes Andersen.

– Dette har vore eit spennande og lærerikt prosjekt for store og små. Borna har lært mykje om gamle dagar og Osbanen, og engasjementet hos store og små har vore heilt fantastisk!



OSBANEN: Barnehagen har over ein periode hatt Osbanen som tema.

Takkeannonsar

Hjertelig takk
til alle for omtanke, blomsterhilsener, kranser og deltagelse ved min kjære kone og vår gode mor,
JORUNN HANSEN, sin bortgang og bisettelse.
Spesielt takk for fin musikk og sang.
Egil, Mette, Siri og Egil Johan

Hjertelig takk
for all omtanke, hilsener og gave til Os Eldresenter i forbindelse med vår kjære mor **JOHANNA DAHLE** sin bortgang.
Takk til Os Gravferdsbyrå og prest Roar Hallesby Evjedal for en fin og verdig seremoni.
Ekstra takk til hjemmesykepleien som gav mor god hjelp i hjemmet.
Kjellaug og Arild m/familier

Fusa og Samnanger GRAVFERDSBYRÅ

OMSORG VED LIVETS SLUTT

DØGNÅPEN TELEFON 56 58 15 09

SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO

BLOMSTERBESTILLING: 55 19 72 05

En verdig og trygg avskjed

BJØRNAFJORDEN GRAVFERDSHJELP

Amfi Os (inng. øverste etg.)

Amfi Os | E-post post@bjornafjordengravferdshjelp.no | Tlf 56 30 50 00

Kyrkjetider Os
Søndag 6. juni:
Os kyrkje kl. 11.15:
Gudsteneste v/kapel-
lan Anette-Emilie
Gangstø. Deltakande:
Sigbjørn Grønås,
Torgeir Skjælaaen,
Sara Skaatun m/fleire.
Nattverd. Vi markerer
Skaperverkets dag.
Takkoffer går til Kir-
kens bymisjon, Bergen.
Det kan no være 100
stk. til stades i Os kyr-
kje. Det er ikkje påmel-
ding. Det er anbefala
med munnbind ved
inn- og utgang.

Kyrkjetider Fusa
Sundag 6. juni:
Kl. 11:00 i Fusa kyr-
kje: Gudsteneste ved
sokneprest Einar Eker-
hovd. Nattverd. Takk-
offer til det diakonale
arbeidet i soknet.

Send ei
HELSING
i lokalavisa di!
www.osogfusa.no

Ferietips: Les boka om E134 Haukelivegen!

Få inspirasjon til årets sommarferie

Spør etter boka hos bokhandlaren din eller bestill ho på www.e134haukelivegen.no

Eli vann gourmet-lunsj: – Såpass! Tullar du? Nei, no må eg le. Fantastisk!

Slik var reaksjonen til Eli Bertelsen då Os & Fusa-posten ringde om den gode nyheita måndag formiddag.

► **Kenneth Svenningsen**
kenneth.svenningsen@osogfusa.no

Eli var blant dei 120 deltakarane som var med i «Bjørnafjorden i bilete» sin vårrkonkurranse «Ditt beste mai-bilete». 54-åringen stakk altså av med førstepremien.

— Dette var ei kjekk melding å få. Det var verkeleg ein opptur, jublar Bertelsen.

Berre å stikka hovudet ut
Etter å ha operert skuldra har ho vore sjukemeld ei stund.

— Det har vore kjedeleg og smertefullt, så dette var verkeleg ei hyggeleg trøyst, smiler ho.

— Du har altså vunne ein lunsj handla inn og laga til av stjernekokk Lukasz Brekke. Kven vil du dela denne opplevinga med?

— Ettersom eg har forstått er lunsjen for fire, så kanskje sambuaren og eg inviterer eit venepar. Om ikkje har eg nokre bonusborn som kanskje vil vera med. Me får tenkja på det og sjå kva som passar best, seier ho.

Eli er opphavleg frå Askøy. Ho har budd i Os i tre år.

— Det er jo så fantastisk fint her at ein berre treng å stikka hovudet ut, så har



STRÅLANDE NØGD: Eli Bertelsen er strålende nøgd med premien. Ho gler seg til kokkelunsj i heimen i Prestegardsskogen.

ein eit flott motiv. Og eg må seia at det er mange som tek flotte naturbilete. Det er kjekt å dela på opplevingar, seier Eli.

Høgtideleg trekning
I motsetnad til tidlegare vart vinnaren i fotokonkurransen denne gongen ikkje kåra etter motiv, kreativitet og kvalitet.

— Denne gongen køyrde me rett og slett ei opp av hatten-trekning. Eli vart den heldige, fortel stiftar av «Bjørnafjorden i bilete», Steinar Bergheim.

Han stod sjølv for trekninga på Ilya i lag med Brekke.

— Korleis er det med medlemsstala på sida no, då?

— Me har fått ein god del fleire medlemmer på denne konkurransen. No er me oppe i 4.025 medlemmer, fortel Bergheim.

TREKNING: Steinar Bergheim og Lukasz Brekke trekkjer vinnaren av konkurransen. Foto: Torgeir Holme



TIL TOPPS: Her er biletet som Eli vann med. Foto: Eli Bertelsen



hele uken på TV

NRK 1



21.15: Oss to NRK1 mandag 7. juni

2



21.40: The Rookie TV 2 fredag 4. juni

NRK 2



21.10: Deadwater Fell NRK2 lørdag 5. juni

N



22.00: Camping på Öland TVNorge mandag 7. juni

FREDAG 4. JUNI

09.00 NRK nyheter **09.05** Politisk kvarter **09.20** NRK nyheter **09.35** Eit enklare liv (r) **10.20** En naturlig helleften 2016 (r) **11.30** Best i verden: 100 gull og fem hundre deler (r). Norsk dokumentarserie fra 2016. Norsk dokumentarserie som gir deg de vakreste minnene, de sterkeste følelsene og fineste historiene sport kan by på. **12.00** NRK nyheter **12.30** Tore på sporet (r) **13.10** Team Ingebrigtsen (r) **14.10** HAIK: TIX (r) **15.00** NRK nyheter **15.15** 10 på topp (r) **16.05** Svømmevenn (r) **16.20** Hagen min (r) **17.00** NRK nyheter **17.15** Svømmevenn (r) **17.30** Oddasat – nyheter på samisk **17.45** Tegnspråknytt **17.50** Supernytt (r) **18.00** Dagsnytt **18** **19.00** Dagsrevyen **19.30** Distriktsnyheter **19.40** Norge Rundt **20.05** Verda rundt på skjener **20.50** NRK Musikk – låt for låt (r) **21.30** Friidrett: Night of highlights. Friidrettsstevne på Bislett stadion. Stevnet på Bislett er siste mulighet for norske utøvere til å kvalifisere seg til OL. Kommentatorer: Jann Post, Vebjørn Rodal og Christina Vukicevic Demidov. **23.00** Kveldsnytt **23.15** Mysteria i Brokenwood. Newz. krimserie fra 2020. **00.45** En aften med: Bo Kaspers Orkester (r) **01.25** Zoey's spilleliste (r) **02.05** Fredsmekklaren (r) **03.30** Familieekspedisjonen (r) **04.10** Familieekspedisjonen (r)

06.00 Finaste familien (r) **06.30** Nyhetene **06.55** God morgen Norge **10.00** God morgen Norge **12.00** Mandelmanns Gård (r) **13.00** Gull eller gråstein (r) **14.00** Boligjakt i Danmark **14.55** Boligknipen (r) **15.55** Bygglov (r) **17.00** Truls à la Hellstrøm (r) **18.00** Dyrepasserne (r). Norsk dokusåpeserie fra 2019. **18.30** 18.30-Nyhetene. Siste nytt fra TV2s nyhetsredaksjon. **18.45** Været. Værmelding for hele landet. **18.50** Sportsnyhetene. De siste nyhetene innen sport. Alltid oppdaterte sportsnyheter. **19.00** Tid for hage (r). Norsk livsstilserie fra 2021. **20.00** Den du veit (r). Norsk underholdningsprogram fra 2020. Alexandra Rotan fra Keiino og Vegas-vokalist Thomas Numme møtes til musikalsk IQ-duell. **21.00** 21-Nyhetene. Siste nytt fra TV2s nyhetsredaksjon. **21.20** Været. Værmelding for hele landet. **21.25** Sportsnyhetene. De siste nyhetene innen sport. Alltid oppdaterte sportsnyheter. **21.40** The Rookie. Am. spenningsserie fra 2020. Nolan må takle konsekvensene etter sin intense jakt på sannheten, og plutselig er det Nolan selv som nå må bevise sin uskyld. **23.35** Lange flate ballær. Norsk komedie fra 2006. **01.45** The Hurt Locker. Am. actiondrama fra 2008. **04.30** Bull (r) **05.25** Finaste familien (r)

09.05 Med hjartet på rette staden (r) **09.55** Historisk moro med Linda Eide og Sjur Hjeltnes (r) **11.25** Sprek med Sofia **11.45** Familieekspedisjonen (r) **13.00** Gull på markedsplassen (r) **14.00** Tidsbonanza (r) **14.50** Symesterskapet UK (r) **15.45** Fra De kongelige samlinger (r) **15.55** Den svenske dansebandsuka i Malung (r) **17.25** Med hjartet på rette staden (r) **18.15** Oppfinneren (r) **18.55** Sportsnytt. Aktuelle reportasjer og dagens sport. **19.00** Eides språksjov: Eides språksjov klassisk spesial (r) **19.50** NRK Musikk – konsert **21.00** NRK nyheter **21.10** Norge Rundt (r) **21.35** Poirot: Mord på Orientekspresen (r) **23.05** Hvorfor det? (r) **23.35** Romariket: Spartacus (r) **00.20** Countrymusikens historie (r) **01.15** Mannefall (r) **02.00** NRK nyheter **02.05** Oddasat – nyheter på samisk (r) **02.20** Distriktsnyheter Oslo og Viken (r) **02.25** Distriktsnyheter (r)

06.00 Danskebåten (r) **07.00** Wahlgrens verden (r) **07.55** Mom **08.25** Kjør meg til OL (r) **09.30** Sinnasnekker'n (r) **10.30** Ja vi elsker camping (r) **11.30** Første date (r) **12.30** Sinnasnekker'n (r) **13.30** Snefrid og Erik blir influensere (r) **14.00** Elvestads OL (r) **14.30** 4-stjerners middag (r) **15.30** Praktisk info med Jon Almaas (r) **16.30** The Big Bang Theory (r) **17.00** Brille (r) **18.00** Two and a Half Men (r). Am. komiserie. **19.00** The Big Bang Theory (r). Am. komiserie. **19.30** Kjør meg til OL (r). Norsk reiseprogram fra 2019. **20.30** Elvestads OL (r). Norsk underholdningsprogram fra 2020. **21.00** Første date (r). Norsk realityserie fra 2021. **23.00** James Bond: Diamanter varer evig. Br. action fra 1971. **01.30** Special Victims Unit (r) **02.25** Åndenes makt (r) **03.25** Wahlgrens verden (r) **04.20** Første date (r) **05.15** Rik på rabatt (r)

LØRDAG 5. JUNI

06.55 NRK Musikk – låt for låt (r) **07.35** Rexfaktor – Kongeparets reiser for Noreg (r) **08.15** Verda rundt på skjener (r) **09.00** Helgemorgen **11.05** Tidsbonanza (r) **12.00** NRK nyheter **12.10** Eides språksjov (r) **13.00** Hele Norge svømmer **14.00** Stjernekamp (r) **15.00** NRK nyheter **15.10** Svømmevenn (r) **15.45** Toppserien: Stabæk – Sandviken. Fotball for kvinner. **18.00** Hygge i hagen (r). Sv. hageserie fra 2020. **19.00** Lørdagsrevyen. Siste nytt fra NRKs nyhetsredaksjon med magasin, sport og vær. **19.45** Lottotrekning. Trekning av ukas sju rette tall og Joker. **19.50** Hele Norge svømmer. Underholdningsprogram. **20.50** Hev stemmen. Norsk underholdning fra 2021. **21.50** Skjelvet. Norsk actionfilm fra 2018. **23.00** Kveldsnytt. Norske nyheter fra 2021. **23.15** Skjelvet. Norsk actionfilm fra 2018. **23.45** Rådebank (r). Norsk dramaserie fra 2021. Har dere hørt om Øystein og Golfen eller? **00.50** Stjernekamp (r) **01.50** Fredsmekklaren (r) **03.15** Må stikke (r) **04.05** Best i verden: Rosenborg og mirakelet i Milano (r). Norsk dokumentarserie fra 2016. Norsk dokumentarserie som gir deg de vakreste minnene, de sterkeste følelsene og fineste historiene sport kan by på. **04.35** Hvorfor det? (r)

06.00 Oiii **06.01** Babbledyr (r) **06.04** Booba (r) **06.12** Jungeldyret Hugo **06.36** Du er min venn (r) **06.38** Min livrett **06.45** H.C. Andersens Eventyr **07.00** Dyrepasserne (r) **07.30** Mot i brystet (r) **08.05** Bonanza (r) **10.10** Boligknipen (r) **11.00** Mandelmanns Gård (r) **12.00** Gull eller gråstein (r) **13.00** Ekke **13.30** Sommerhytta (r) **17.30** Sporløs (r) **18.30** 18.30-Nyhetene. Siste nytt fra TV2s nyhetsredaksjon. **18.45** Været. Værmelding for hele landet. **18.50** Sportsnyhetene. De siste nyhetene innen sport. Alltid oppdaterte sportsnyheter. **19.00** Lystløgner (r). Norsk underholdningsprogram fra 2020. **20.00** Huskestue (r). Norsk humorprogram fra 2020. I den skumleste utgaven av Huskestue noensinne skal Dag Otto og Wanda Mashadi utfordre Leo Ajikic og Vita Mashadi i kunnskapsquiz på lavt nivå, i temaene «Skandinavia» og «Skrekk og gru». **21.00** 21-Nyhetene. Siste nytt fra TV2s nyhetsredaksjon. **21.15** Været. Værmelding for hele landet. **21.25** Sportsnyhetene. De siste nyhetene innen sport. Alltid oppdaterte sportsnyheter. **21.40** Green Book. Am. drama fra 2018. **00.35** Hamilton (r) **02.25** The Cold Light of Day. Am./sp. actionthriller fra 2012. **04.30** The Rookie (r) **05.25** Dyrepasserne (r)

06.00 NRK nyheter **06.50** Distriktsnyheter Oslo og Viken (r) **06.55** Distriktsnyheter Vestfold og Telemark (r) **07.05** Distriktsnyheter Innlandet (r) **08.10** Sprek med Sofia (r) **09.50** Hvorfor det? (r) **10.20** Antikkuellen (r) **12.10** Deilige danske hotell (r) **13.40** NRK Musikk – låt for låt (r) **14.20** Hvorfor biter fisken? (r) **15.00** Historisk moro med Linda Eide og Sjur Hjeltnes (r) **16.30** Munter mat i Storbritannia (r) **17.15** Fremtidens drømmehager (r) **18.00** Nordlands Jeanne D'Arc (r) **19.05** Kurs mot nord (r) **19.50** Belgravia (r) **20.35** Norge Rundt (r). Norsk reportasjeserie. **21.00** NRK nyheter. Nyheter. **21.10** Deadwater Fell (r). Br. krimserie fra 2020. **21.55** Marley. Am./br. dokumentarfilm fra 2012. **00.15** Poirot: Mord på Orientekspresen (r). Br. krimserie fra 2010. **01.45** Smilehullet (r) **02.00** NRK nyheter **02.01** Mysteria i Brokenwood (r) **03.35** Tareq Taylors matreise (r)

06.00 Danskebåten (r) **06.30** 4-stjerners middag (r) **08.30** Ja vi elsker camping (r) **10.30** Ja vi elsker camping (r) **11.30** Sinnasnekker'n (r) **14.30** Neste sommer (r) **16.30** Camping på Öland (r) **17.30** Første date (r) **19.30** Snefrid og Erik blir influensere (r). Norsk underholdningsserie fra 2021. **20.00** Elvestads OL (r). Norsk underholdningsprogram fra 2020. **20.30** Kjør meg til OL (r). Norsk reiseprogram fra 2019. Zach kjører Magnus gjennom store deler av Kina. **21.30** Minority Report. Am. action fra 2002. **00.25** Naked Attraction Norge (r). Norsk datingprogram fra 2021. I tredje episode av datingprogrammet Naked Attraction Norge møter vi den 28 år gamle bartenderen Aleya. **01.15** Tomb Raider 2 – Livets vugge. Am. eventyrdrama fra 2003. **03.35** Wahlgrens verden (r) **05.30** Danskebåten (r)

LAURDAG 5. JUNI

08:00 Variert musikk
14:00 Jazz for alle m/Jan-Christian Nordahl.
15:00 Countrytoppen (R) m/Tore Håland.
16:00 Variert musikk.
17:00 Musikknytt m/Jan Petter Svendal
18:00 Hitmix (ny musikk)
19:00 Variert musikk.
20:00 Wildwood (bluegrassmusikk) m/Paal Strand
21:00 Variert musikk..
22:00 Musikkpraten m/ Espen Giertsen og Frode Helland.

SØNDAG 6. JUNI

08:00 Variert musikk
17:00 Trekkspilltoner(R) m/Roger Hansen
18:00 Variert musikk..
20:00 Jazz for alle.
22:00 Hitmix.(Ny musikk)

MÅNDAG 7. JUNI

09:00 Variert musikk
12:00 Aktuelt. m/Jan Petter Svendal
14:00 Variert musikk
15:00 Pablos' Jambalaya & Honky Tonk (L), reprise
17:00 Aktuelt.
19:00 Variert musikk.
22:00 Aktuelt.

TYSDAG 8. JUNI

09:00 Hitmix (ny musikk)
10:00 Musikk-Praten(R) m/ Espen Giertsen og Lasse Lepsoe. Gjest: Eirik Søfte-land.
12:00 Aktuelt (L) m/ Kenneth Normann.
14:00 Variert musikk.
17:00 Aktuelt.
19:00 Musikknytt m/Jan Petter Svendal.
20:00 Buestrain (L) m/Jan-Chr.Nordahl
21:00 Variert musikk.
22:00 Akuelt (R)

Med atterhald om endringar.



MANDAG 7. JUNI

06.30 Nyhetsmorgen **09.00** NRK nyheter **09.05** Politisk kvarter **09.20** NRK nyheter **09.35** Monsen, Monsen og Mattis (r) **10.05** Jorden rundt på seks steg (r) **10.55** Best i verden: Bislett Games – 50 år med verdensrekorder (r) **12.00** NRK nyheter **12.30** Tore på sporet (r) **13.10** Med kjærlighet for kanaler (r) **14.00** Eventyr på Galapagos (r) **14.45** Glimt av Norge: Preikestolen (r) **15.00** NRK nyheter **15.15** Tidsbonanza (r) **16.05** Veien til fotball-EM. Sportsdokumentar fra 2021. 24 deltakerland presenteres før sommerens europamesterskap i fotball. **17.00** NRK nyheter **17.30** Oddasat – nyheter på samisk **17.45** Tegnspråknytt **17.50** Supernytt (r) **18.00** Dagsnytt **18** **19.00** Dagsrevyen **19.45** Distriktsnyheter **20.00** Barna vi bærer **21.00** Dagsrevyen **21** **21.15** Oss to **22.55** Distriktsnyheter **23.00** Kveldsnytt **23.15** Mord i paradiset (r) **00.05** Gamerne (r). Norsk dokumentarserie fra 2020. **00.50** Sommerauksjon (r) **01.50** Veien til fotball-EM (r). Sportsdokumentar fra 2021. 24 deltakerland presenteres før sommerens europamesterskap i fotball. **02.40** Familieekspedisjonen (r) **04.00** Montys hageverden (r)

06.00 Finaste familien (r) **06.30** Nyhetene **06.55** God morgen Norge **10.00** God morgen Norge **12.00** Mandelmanns Gård (r) **13.00** Gull eller gråstein (r) **14.00** Boligjakt i Danmark **14.55** Boligknipen (r) **16.00** Bygglov (r) **17.00** Truls à la Hellstrøm (r) **18.00** Dyrepasserne (r). Norsk dokusåpeserie fra 2019. **18.30** 18.30-Nyhetene. Siste nytt fra TV2s nyhetsredaksjon. **18.45** Været. Værmelding for hele landet. **18.50** Sportsnyhetene. De siste nyhetene innen sport. Alltid oppdaterte sportsnyheter. **19.00** Sommerhytta (r). Norsk realityserie fra 2021. **20.00** Sommerhytta. Norsk realityserie fra 2021. **21.00** 21-Nyhetene. Siste nytt fra TV2s nyhetsredaksjon. **21.20** Været. Værmelding for hele landet. **21.25** Sportsnyhetene. De siste nyhetene innen sport. Alltid oppdaterte sportsnyheter. **21.40** Åsted Norge. Norsk dokumentarserie fra 2021. **22.40** Bortført (r). Norsk dramaserie fra 2019. Dagen er kommet for Abu Salim sin høring i Oslo. **00.15** The Rookie (r). Am. spenningsserie fra 2019. Nolans forhold til hans aller første informant blir satt på prøve, etter at han ser henne tilbake på gata. **01.15** Hawaii Five-0 (r) **03.10** Bull (r) **04.05** Pacific Blue (r) **05.05** Finaste familien (r) **05.30** Finaste familien (r)

06.00 NRK nyheter **09.05** Med hjartet på rette staden (r) **09.55** Poirot (r) **11.20** Sprek med Sofia **11.40** Familieekspedisjonen (r) **13.00** Gull på markedsplassen (r) **14.00** Tidsbonanza (r) **14.45** Symesterskapet UK (r) **15.45** Filmavisen (r) **15.55** Poirot (r) **17.25** Med hjartet på rette staden (r) **18.15** Oppfinneren (r) **18.55** Sportsnytt. Aktuelle reportasjer og dagens sport. **19.00** Gull på markedsplassen (r) **20.00** Montys hageverden **21.00** Det søte liv (r) **21.20** Kurs mot nord **22.05** Orkanen. Fr. dokumentar fra 2015. **23.25** Skreddarsydde menneske (r). Fr. dokumentar fra 2018. **00.15** Weissensee (r). Ty. dramaserie fra 2012. **01.05** Countrymusikens historie (r) **02.00** NRK nyheter **02.05** Oddasat – nyheter på samisk (r) **02.20** Distriktsnyheter Oslo og Viken (r) **02.30** Distriktsnyheter Vestfold og Telemark (r) **02.45** Distriktsnyheter Innlandet (r)

06.00 Danskebåten (r) **07.00** Wahlgrens verden **07.55** Mom **08.25** 4-stjerners middag (r) **09.30** Sinnasnekker'n (r) **10.30** Ja vi elsker camping (r) **11.30** Første date (r) **12.30** Sinnasnekker'n (r) **13.30** Første date (r) **14.30** Kongen befaler (r) **15.30** Praktisk info med Jon Almaas (r) **16.30** Brille (r) **17.30** Two and a Half Men (r) **18.30** The Big Bang Theory (r) **19.30** 4-stjerners middag (r). Norsk realityserie fra 2019. **20.30** Neste sommer (r). Norsk komiserie fra 2014. **21.30** Snefrid og Erik blir influensere. Norsk underholdningsserie fra 2021. **22.00** Camping på Öland. Sv. realityserie. **23.00** Praktisk info med Jon Almaas (r). Norsk talkshow fra 2018. **24.00** Brille (r). Norsk humorprogram. **01.00** Special Victims Unit (r) **01.55** Åndenes makt (r) **02.55** Wahlgrens verden (r) **03.50** Første date (r) **04.50** Rik på rabatt (r) **05.20** Rik på rabatt (r)

Sommarskulen er heilt fullteikna: – Utruleg gledeleg

Nær 600 born og unge har søkt på kommunens sommarskule. No vert det jobba intenst med å gje alle eit tilbod.

► **Kenneth Svenningsen**
kenneth.svenningsen@osogfusa.no

— Først av alt er det veldig gledeleg at så mange har søkt på kursa som me tilbyr på sommarskulen. Men med så mange søkjarar kan me dessverre ikkje tilby alle plass på dei kursa dei har søkt om. Difor jobbar me no med å ordna plass der me framleis har ledig kapasitet, seier Per Olav Sørås.

I lag med Signe Christensen, Knut Vidar Garlid og SLT-koordinator Elin Tuft er han med i kommunens prosjektgruppe for sommarskulen 2021.

Sørås presiserer at det dessverre ikkje er høve for nye søkjarar å melda seg på.

Det totale talet på søkjarar er 570. Av desse har heile 450 born i barneskulealder søkt, medan det er 120 søkjarar på ungdomsskuletrinnet.

Sommarskulen startar i veke 25 og vert arrangert over to veker.

Også Os & Fusaposten har kurs i sommar. «Kurs i media, film og foto»-opp- legget vert arrangert i Os Aktiv for ungdomsskuleelevar og er mellom kursa som er fullteikna.

Mange har utvida kapasiteten

Fram til søknadsfristen gjekk ut sist onsdag, kunne dei unge velja mellom 18 ulike kurstilbod. No er tilbodet redusert til 16.

— Det var nokre kurs som rett og slett fekk for få søkjarar, mellom anna Ten Sing-kurset. Det går no ut. «Saman i sommar»-tilbodet i Kløvertun blir eit eige opplegg med vår støtte. Dei kallar no dette for «Sommarcamp» Dette er eit tilbod som er ope for inntil 20 born og unge kvar dag, fortel Sørås.

Han rosar kurshaldarane for å vera imøtekomande og behjelpelig med å utvida tilboda slik at fleire får plass.

— Aktivitetskurst i Fjorden Arena utvidar i dobbel forstand. Dei går frå å



TO VEKER: I Fjorden Arena utvidar dei sommarskulen frå éi til to veker. Samstundes aukar dei kapasiteten per veke frå 20 til 25 elevar. Foto: Camilla Kvamme

ta inn 20 til 25 personar. I tillegg går dei frå å ha tilbod i éi veke til to veker, seier Sørås.

Musikalgøy på Os barneskule, der ein skal setja opp ein musikal i løpet av ei veke, aukar talet på deltakarar frå 25 til 30.

Osbadet aukar talet på deltakarar frå 20 til 25.

— Elles har me «Alle tilbake på banen»-tilbodet til Nore Neset idrettslag som tek unna mange. Dei har inntil 100 elevar kvar av dei to vekene, legg sommarskulesjefen til.

Her er dei 16 kursa:

1. Musikkø, Os barneskule ved Marie Sofie Hellevang.

2. Kuventræ sommarcamp, Kuventræ ved Endre Brenne.

3. Teikne- og kreativitetsverktøy, Os barneskule ved Oda Valle.

4. Forskarfabrikken, Kuventræ barneskule ved Trude Kristiansen.

5. Kurs i media, film og foto, Os Aktiv ved Os & Fusaposten/Martine Håland.

6. Friluftaktivitetar, Vinnes ved Vidar Øvredal.

7. Flyskule, Ulven ved Thomas Spengler.

8. Aktivitetar i og på vatn ved Ingrid N. Kjorsvik.

9. Osbadet sommarskule ved Wenche N. Olsen.

10. Arbeidsstova ved Anne Elisabeth Røttingen.

11. Eventyrssommar ved Wenche Orrebakken.

12. Miniskaper, Øyro ved Marte Lene Klafstad.

13. Sommarskule i Fjorden Arena ved Henriette T. Dale.

14. Alle tilbake på banen, Nore Neset idrettsbane ved Eirik André Hesthamar.

15. Idrett og kurs i livsmeistring, Os Aktiv ved David Martinez.

16. Skate og Create, Hålandsdalen Montesorriskule ved Marita Moe Sandven.

Vassforbruket går i taket om ettermiddagen: Kommunen bed folk bruka mindre vatn

Kan risikera at det ikkje er nok vatn til å slökkja ein eventuell brann.

► **Benjamin Søgne Olsen**
benjamin@osogfusa.no

Bjørnafjorden kommune opplyser at den kjærkomne varmen gjer at vi brukar

meir vatn enn vi bør.

— Vassbehandlingsanlegga våre jobbar på maksimal kapasitet, men forbruket er så høgt om dagen at vi nesten ikkje greier å levera nok vatn. Forbruket går i taket når folk kjem heim om ettermiddagen, tappar i badebasseng, set på spreiarar og vatnar i hagen. Det er fullt forståeleg, seier einingsleiar for VA i Bjørnafjorden kommune, Agnete Haugland

Ho har følgjande råd til alle i heile Bjørnafjorden kommune som får vatn



frå eit kommunalt vassverk.

* Ikkje bruk vatn unødvendig
* Reduser bruk av spreiarar, og ikkje la hageslangen liggja og renna

* Gå for gjenbruk av vatn: Bruk vatnet i plaskebassenget til å vatna planter og bed.

BRUKAR FOR MYKJE VATN: Slik stoda er no, blir det brukt for mykje vatn i Bjørnafjorden kommune. Foto: Colourbox



VERET I OS OG FUSA: Nymåne ● Veksande ◐ Fullmåne ○ Minkande ◑



I DAG **21°**



I MORGON **20°**



SØNDAG **18°**



MÅNDAG **19°**



TYSDAG **19°**

FLO	I DAG	I MORGON	SØNDAG	MÅNDAG	TYSDAG
Kl.	06:55	08:00	08:54	09:41	10:22
Kl.	19:49	20:44	21:30	22:10	22:46
FJÆRE	I DAG	I MORGON	SØNDAG	MÅNDAG	TYSDAG
Kl.	00:49	01:52	02:44	03:29	04:10
Kl.	13:31	14:25	15:10	15:50	16:27
SOL	I DAG	I MORGON	SØNDAG	MÅNDAG	TYSDAG
Opp	04:21	04:20	04:18	04:17	04:16
Ned	22:52	22:54	22:55	22:57	22:58

Her er kommunens beste pokerspelar



POKER I DET FRI: Nyleg spelte Timmy Hansen poker med kompisaner utandørs i finvêret. Då kunne han skryta av tittelen sin «kommunens beste pokerspelar». Foto: Privat

Timmy Hansen er kåra til «kommunens beste pokerspelar». Neste mål er å bli fylkets beste.

► **Benjamin Søgne Olsen**
benjamin@osogfusa.no

Det er spelsida Coolbet som arrangerer kommunepoker-turneringa kvart år. I fjor kom Timmy Hansen på ein fjerdeplass. Då skal det ha vore kring 25 del-

takarar. I år var det 35 bjørnafjordingar som tok del i konkurransen. Hansen stod att som vinnar. Ein ting er at han meiner at det å vinna i seg sjølv, er kjekt, men det verka vera minst like viktig med skryterett i pokergjengen hans.

— Vi er ein gjeng som spelar i alle fall éin gong i månaden. Ein av dei eg spelar med, kom på andreplass i fjor, og vi får høyra det kvar gong vi skal spela. No kan eg skryta av at eg vann, seier Hansen og ler.

Alle som er busett i kommunen kan melda seg på konkurransen. I pokergjengen til Hansen er det fleire som har teke del. Men det var ingen av dei som

var nære å matcha resultatet til Hansen.

Det skal ha vore svært spanande mot slutten. Då det var tre spelarar att, skifta dei ofte på å ha leiinga. Då Hansen berre stod att med ein konkurrent, var det utruleg jamt.

— Då kjendest det litt tilfeldig kvar veg det bar. Til slutt hadde eg spelt konkurrenten kraftig ned. Eg meiner at eg hadde A-J på handa til slutt og at alle sjetongane enda opp i potten før floppen kom. Eg hugsar ikkje heilt kva konkurrenten hadde, men ingen av oss treffe noko, og eg vann på “high card”, seier Hansen.

No ser osingen fram til å tevla i fylkeskonkurransen som går av stabelen i

midten av juni.

— Eg er ikkje van med å spela online-turneringar. Vi plar sitja rundt bordet saman. Det var kjekt på denne måten også. Eg kjente at eg hadde meir tolmod enn eg vanlegvis har. I tillegg hadde eg god flyt heile vegen, seier Hansen og legg til:

— Målet no er å vinna fylkesturneringa. Det er nok mange flinke pokerspelarar med der også. Det hadde vore utruleg kjekt å få lov til å reisa til Tallin i november for å tevla om å bli noregsmeister, seier Hansen.



GRATIS APP:
Les avisa digitalt på PC/Mac,
mobil eller nettbrett.

KONTORTIDER: Måndag - fredag: kl. 8.30-16.00
Laurdag stengt.



Facebook: facebook.com/osogfusaposten
Twitter: [@Osogfusaposten](https://twitter.com/Osogfusaposten)
Instagram: [@osogfusaposten](https://www.instagram.com/osogfusaposten)
Snapchat: [osogfusaposten](https://www.snapchat.com/add/osogfusaposten)